



2015

HEMSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING

INNHALD

| | |
|--|----|
| INNHALD..... | 2 |
| RÅDMANNENS RESULTATVURDERINGAR | 3 |
| SAMFUNNSPERSPEKTIVET | 4 |
| MEDARBEIDERPERSPEKTIVET | 8 |
| TENESTEPERSPEKTIVET..... | 23 |
| I. TEKNISK | 23 |
| II. HELSE OG OMSORG | 33 |
| III. KULTUR OG OPPVEKST | 37 |
| IV. Tenestetorget..... | 47 |
| ØKONOMIPERSPEKTIVET | 48 |
| ÅRSMELDING INTERKOMMUNALE EINIGAR, VEDLEGG | 55 |

RÅDMANNENS RESULTATVURDERINGAR

Hemsedal kommune har hatt gode driftsresultat dei siste 3 åra. Kommunen har høgt aktivitetsnivå og har investert kr 114,9 mill i anleggsmidlar i perioden 2011 til 2015. Dette har ført til auke i kapitalutgifter i driftsrekneskapet. Kapitalutgifter har direkte konsekvensar for netto driftsresultat og påverkar handlefridommen. Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 3 % av brutto driftsinntekter. Netto driftsresultat indikerer kommuna si handlefridom, direkte og indirekte. Eit positivt resultat syner i kva for grad drifta aleine greier å bidra til eit overskot. Hemsedal kommune hadde i 2015 eit netto driftsresultat på kr 8,8 mill eller 3,95 %.

Det er nytta i underkant av 16,5 mill. kr. til investeringar i 2015. I tillegg kjem interne finansieringstransaksjonar som utlån og avsetning av tomtesalsinntekter til fond, totalt ca kr.13,6 mill. I 2015 utgjer sal av tomter ca. kr 3,3 mill. Investeringar i samband med utarbeiding av bustadfelt i perioden 2011 til 2016 utgjer kr 36,3 mill og 33,3 mil at desse er lånefinansiert. Inntekter for sal av tomter i same perioden utgjer kr. 10,6 mill. Salsinntekter frå tomter og eigedomar avsettast til fond som deretter blir nytta til å finansiere investeringar. Kultursal, VA leidning Bruhaug-Trøim, VA leidning Ålstveit HB-Svøo og kyrkjegarden er dei største investeringane i 2015.

Langsiktig lånegjeld er tilnærma lik som starten av året, med ein nedgang på 1,5% mot 2014. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld minus startlån og ubrukte lånemidlar) utgjer 67,3 % prosent av brutto driftsinntekter. KS definerer ein gjeldsbelastning mellom 65 og 75% av driftsinntekter som moderat gjeld. Sidan ein stor del av lånegjelda er knytta opp mot VA og bustadfelt, som er eit sjølvfinansierende område, er kommunen mindre sårbar enn det det lånegjelda tilseier.

Rådmannen meiner kommunen utpeikar seg ved å vera jamn god på alle tenesteområder, og det er stor aktivitet. For ein del tenester har vi ikkje gode nok metodar for målstyring, men rådmannen sin oppfatning at det blir produsert gode tenester og at vi har godt fornøgde brukarar.

Dyktige tilsette er den viktigaste faktoren for å kunne tilby gode tenester, og det er god grunn til å takke alle medarbeidarane for innsatsen i 2015.

Kommunen har etiske retningslinjer for å sikre ein høg etisk standard i kommunen. Det blir jamleg drøfta etiske problemstillingar for å sikre at kommunen har stor tillit i befolkninga Det var eit av hovudtemaene ved folkevaldopplæringa i 2015.

Flyktningsituasjonen i 2015 har vore med på å auke inntektene, samstundes har dette også gitt auka utgifter og meirarbeid. Får me ein liknande situasjon for seinare år, vil det etter rådmannens syn måtte føre til fleire tilsette.

Det er grunn til å framheve det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Hemsedal. Kommunen sin tenesteyting saman med frivillige arbeid er viktig faktor for bulyst i bygda.

Det er gledeleg å sjå at den positive trenden for folketalsutviklinga held seg over tid. I 2015 har det blitt 78 fleire innbyggjarar i Hemsedal og folketalet i Hemsedal var ved årsskifte 2422 innbyggjarar.

11. november brann det ved mottaket på Tuv, her vart beredskapsplanane prøvd i praksis, og dette viser kor viktig det er med planar når noko går gale. Rådmann vil samstundes rose alle dei som tok i eit ekstra tak denne natta og dei påfølgande dagane.

SAMFUNNSPERSPEKTIVET

Politisk verksemd

Kommunestyret har i perioden fram til okt. 2015 hatt fylgjande samansetning:

| | | |
|------------------------|--------------|---------------------------|
| Oddvar Grøthe | Ordførar | Senterpartiet |
| Tove Eggen Lien | | Senterpartiet |
| Pål Rørby | | Senterpartiet |
| Knut H Ulsaker | | Senterpartiet |
| Torstein Tuv | | Senterpartiet |
| Jan Egil Halbjørhus | | Høgre |
| Odd Holde | | Høgre |
| Marte Steimler Thorset | | Høgre |
| Iren Halbjørhus | | Høgre |
| Tore Flaget | | Høgre |
| Jon Grøthe | | Arbeiderpartiet |
| Olav Syversbråten | | Arbeiderpartiet |
| Olav Støyten | Varaordførar | Kristeleg Folkeparti |
| Håvard Venås | | Kristeleg Folkeparti |
| Tor Grøthe | | Framstegspartiet |
| Tronn Inge Tuv | | Framstegspartiet |
| Elin Tangen | | Sosialistisk Venstreparti |

Etter valet i 2015 har kommunestyret hatt fylgjande samansetning:

| | | |
|----------------------------|--------------|---------------------------|
| Oddvar Grøthe | Ordførar | Senterpartiet |
| Tove Eggen Lien | | Senterpartiet |
| Pål Rørby | | Senterpartiet |
| Torstein Tuv | | Senterpartiet |
| Petter Owesen | | Hemsedal Bygdeliste |
| Marit Foss | | Hemsedal Bygdeliste |
| Jørgen Aamot | | Hemsedal Bygdeliste |
| Janne Merete Brøndbo | | Arbeiderpartiet |
| Kjell Erik Skølt | Varaordførar | Arbeiderpartiet |
| Olav Syversbråten | | Arbeiderpartiet |
| Maria Jartman | | Høgre |
| Odd Holde | | Høgre |
| Olav Støyten | | Kristeleg Folkeparti |
| Ingar Nergård | | Kristeleg Folkeparti |
| Steinar Bleken | | Venstre |
| Ellen Margrethe Stabursvik | | Sosialistisk Venstreparti |
| Ove Fekene | | Uavhengig |

Kommunestyremøta blir overført på Radio Hallingdal og sakspapir og møteprotokollar blir gjort tilgjengelege på kommunens heimeside www.hemsedal.kommune.no.

Tabellen under viser utvikling i tal handsama saker i dei ulike politiske organ.

| Tal handsama saker | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|----------------------------|------|------|------|------|-------------|
| Kommunestyret | 155 | 151 | 72 | 92 | 116 (Valår) |
| Formannskap | 104 | 98 | 73 | 92 | 80 |
| Hovudutval Plan og ressurs | 110 | 105 | 84 | 105 | 97 |
| Hovudutval Livsløp | 52 | 77 | 37 | 39 | 54 |

| Delegerte saker | 2013 | 2014 | 2015 |
|----------------------------|------|------|------|
| Hovudutval Plan og ressurs | 405 | 394 | 465 |
| Hovudutval Livsløp | 16 | 15 | 24 |

Ungdomsrådet i Hemsedal

Ungdomsrådet har hatt 6 møter (3 haust og 3 vår), og har handsama 37 saker.

- Dei var representert på barne- og ungdomskonferanse 23.-25. oktober og ungdommens fylkesting 2.-3. november.
- Rådet har hatt besøk av barn og unge sin representant i plan og byggjesaker.
- Hemsedal ungdomsråd har representantar i Hallingdal ungdomsråd. Saker som kan nemnast der er transport for ungdom i Hallingdal (Trond Johansen frå Buskerud fylkeskommune og Randi Fosse frå Brakar deltok på eit møte på Gol og diskuterte med ungdommane), skjenkekontroll i daglegvarebutikkar og bensinstasjonar, skummelt oppdrag og haldningskampanje om trafikktryggleik.
- Økonomi: Rådet disponerer 12 000 i året. Midlane kan brukast til å støtte ulike rusfrie arrangement for ungdom, mellom anna UKM og nyttårsfeiring. Det er også viktig at dei har innverknad på andre rusfrie arrangement.
- Kino engasjerer!


- Dei er opptatt av å få fleire møteplassar i sentrum der det er mogleg å ta med eiga mat og prate saman.
- Skulestruktursaka har vore hyppig oppe til diskusjon på møta i fjor. Oppvekstsjefen har også informert og delteke på møte i ungdomsrådet vedkomande skulestruktursaka.
- Av større prosjekt kan nemnas «Prosjekt Ungdom- og rus- Hemsedal».

Ungdomsrådet har fleire gonger kome med innspel til ulike planer på høyring (trafikktryggleik i bygda vår, fritidsaktivitetar og korleis ein best mogeleg skal forme Hemsedal i framtida).

Hemsedal kommune har i tillegg:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd. Formannskapet med tillegg av representantar frå Framstegspartiet og Sosialistisk venstre er økonomiutval. Etter valet i haust består økonomiutvalet av formannskapet med tillegg av representantar i frå Venstre, Sosialistisk venstreparti og Uavhengig. Formannskapet med tillegg av to tillitsvalde er administrasjonsutval.

Hemsedal kommune som organisasjon



MEDARBEIDERPERSPEKTIVET


I Hemsedal har vi god fagdekking og stabilt personale som har engasjement i jobben som fører til eit godt tenestenivå. Personalet er utviklingsorientert og samarbeider godt på tvers. Det er ein stabil personalgruppe. Mange tenesteområder har stort arbeidspress med nye krav og oppgåver. Nye dataverktøy er nødvendig for å utvikle og effektivisere tenestene, men tek mykje ressursar i oppstartsfasen. Verktøy som er tatt i bruk har ført til betre ressursstyring og redusert overtid.

Kommunen har ufrivillig deltid. Tillitsvalte og verneombodet er inkludert i arbeidet med å skape ein heiltidskultur og nye arbeidstidsordningar. Vi har fleire fora for samarbeid med verneombod og tillitsvalte i dei ulike verksemdene.

I Hemsedal kommune ser ein ikkje at likestilling er noko problem da kvinneandelen er oppnådd per i dag, og at dette blir vidare følgt opp i nyansettelsar. Vi er ei lita kommune med stort mangfald som legg vekt på lik behandling uansett rase, religion eller etnisitet.

Fråvær

Kommunen har mål om eit nærvær på 94,4 %. Vi har eit gjennomsnittsfåvæ for 2015 på 6,2 %. Det er 0,82% nedgang frå 2014, og best av 5 siste år. Legemeldt er 4,9% og eigenmeldt 1,3%.. I forhold til kommunesektoren har Hemsedal kommune eit lågt sjukefråvæ. Kommunen arbeider systematisk med mål om redusert sjukefråvæ.



Turnover

Det var 19 personer som slutta i Hemsedal kommune i 2015, med til saman 14,05 årsverk. Pensjonistane utgjer 5,83 % av desse årsverka. Kommunen har totalt ca. 200 årsverk, noko som gir

ein turnover på 7,03 % eller 4,11 % om ein tek bort naturleg avgang. Heile kommunesektoren har jf KS sine utrekningar, dei siste 4 åra hatt ein gjennomsnittleg turnover på 12 %.

Kompetaneutvikling

Det blir lagt til rette for kompetanseutvikling for å møte nye utfordringar, og den enkelte legg ned ein betydeleg eigeninnsats. Det er gjennomført mange nødvendige kurs og oppdateringar innan dei ulike fagområda. Fleire ufaglærte har fått fagbrev eller er under utdanning. Kommunen har lite midlar til formålet, men innan enkelte området har kommunen søkt og fått statlege midlar.

I 2015 har kommunen mellom anna hatt tilsette på:

- Opplæring innan HMS
- Opplæring og kurs for nyttilsette
- Vidareutdanning for lærarar
- Rektor og styrarutdanning
- Leiarutdanning for rådmann
- Vidareutdanning innan familieterapi, habilitering og rehabilitering, geriatri
- ALERT opplæring for alle tilsette ved sjukeheim og heimeteneste

Det er etablert eit eige regionalt kompetanse, lærings- og meistringsutval som i samarbeid med utviklingsjukeheim, Vestre Viken og ulike utdanningsinstitusjonar har sett i verk regionale kurs og vidareutdanningar.

IA PROSJEKT - INSPIRASJONSLEDELSE 50 +

Hemsedal kommune er med i eit forskingsprosjekt der Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) er sentrale saman med IA rådgjevarar både frå Aust - Agder, Buskerud og Telemark. Prosjektet har som hovudmål å behalde tilsette lenger i arbeid, og retter seg mot tilsette 50 +. Dette er eit unikt leiarutviklingsprosjekt som er spesialtilpassa av Hans Christoffer Aargaard Terjesen (AFI) og Bjørn Lau (professor II ved Universitet i Oslo). Dei har teke utgangspunkt AFI sin 50-årige tradisjon for medarbeidar driven organisasjonsutvikling og den amerikanske transformasjonsleiingsmodellen. Prosjektet vil strekke seg inn i 2017.


Det vil bli gjennomført arbeidsmiljøkartlegging retta mot målgruppa 50 +, og MLQ kartleggingar der både leiar og tilsett skal evaluere leiarstil. Det vil også bli gjennomført fokusgruppeintervju med fokus på mellom anna kva for dimensjonar ved leiing som er viktig for seniorane og for gruppa som heilskap. Leiarane vil få god oppfølging gjennom prosjektet slik at teori og kunnskap kan bli omsett til praksis. Det har også ha positiv effekt for andre tilsette.

Hemsedal kommune ønskjer at prosjektet skal bidra til god kunnskap om kva som skal til for å behalde verdifull kompetanse, samt få tilsette til å stå lenger i arbeid. Gjennom prosjektet har vi fått ei unik og viktig moglegheit for dialog med tilsette i målgruppa 50 +, slik at dei kan bidra til kommunens og leiarane sin utvikling. Vi ser fram til vidare framdrift i prosjektet, håper på stor deltaking og eit godt sluttresultat.

Innbyggjartal

Utviklinga av **folketalet** er framleis positiv. Etter eit lite kvileskjær i 2012 har me vekse med 78 Hemsedølingar siste året, - til saman 198 dei siste tre åra. Det har vore eit fødselsoverskot på 13,

og ei netto innflytting på 63 personar. Mange opplever kommunen som ein attraktiv fjellkommune – sentralt mellom aust og vest. Med bra tilgang på bustadtomter og barnehageplassar, er det viktig å leggje til rette for fleire arbeidsplassar. Det er viktig å halde fram med å vurdere framskrivings modeller for folketalsutviklinga kritisk i høve kommuneøkonomi.



Oppfølging av satsingsområder i kommuneplan.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skildrar kommunen sine overordna mål, og etterfølgjande oversikt syner ei kort resultatskildring i høve overordna mål.

Utbyggingsstrategi:

«I Hemsedal vil me ha ein bevisst utbyggingspolitikk som tek omsyn til bærekraft, miljø og framtidige generasjonar.»

Utbyggingsstrategi

Måloppnåinga innan bustadvekst er god, og kommunestyret har kvart år i samband med handsaming av handlingsprogram gjennomgått planstrategi for å tilpasse ressursbruk i høve utfordringar.

Av overordna planer har kommunestyret etter ein lang prosess slutthandsama **kommunedelplan for Lykkja og Markegardslia**. Planen sitt føremål har i hovudsak vore å sikre vidare næringsutvikling og busetting i denne delen av kommunen med tilrettelegging for hyttebygging, bustader og moglegeheiter for stadbunden næring. Diskusjon om fordeling fritid- og næring landa endeleg innan **områdeplan for Ulsåk** når kommunestyret slo fast at Fossheim hotell kunne delast med fritid i 2-3 etasje av hotellet, samt anneks, medan Fossheim campingplass vart regulert til konsentrert fritidsbebyggelse.

Områderegulering **Trøym sentrum** vest er inne i ein fase der ein må avklare kva for infrastruktur (flomvoll, bruer og veger) næringa sjølv vil prioritere i høve destinasjonen si evne til å finansiere desse. Privat reguleringsplan for Totteskogen vert ein del av denne planavklaringa sidan utvikling i dette området må følgje dei same utbyggingskriteriene som området omkring. Etter felles grunneigarprosessar i Trøym sentrum har Hemsedal Turisttrafikklag gjeve tilbod om å koordinere næringsinteressene for å gje innspel på organisering og gjennomføring. Planarbeidet for **området Trøym aust** har vore avhengig av ei avklaring vedkommande framtidig skulestruktur. Kommunestyret sitt prinsippvedtaket om ei **sentralskule** gav premisser for vidare planarbeid i denne delen av sentrum. Grunnlag for realisering av ei sentralskule vert innarbeida i økonomi og handlingsplan for 2016, og ferdigstilling av områdeplan for Trøym aust.

Etter ein lang og samlande prosess mellom næringsliv og kommunen vart det sett historisk sluttstrek for kommunen sin første **Strategiske næringsplan**. Planen erstattar tidlegare Reiselivsplan og Landbruksplan, og inneheld i alt 27 tiltak for både landbruk, reiseliv, andre næringar og samfunn. Kommunen fastsette samstundes kva for sengekapasitet ein ønskja i kjerneområdet mellom Trøym sentrum og Røggelia, med ei tydeleg og medveten sonering på korleis fritids- og næringsseiger skal forvaltast innan kjerneområdet. Fleire plan- og byggjesaker har vore sett på vent i påvente av denne avklaringa.

Kommunen har samstundes betra **vass- og avlaups forsyning/ beredskap** ved å ferdigstille eigen vassleidning frå høgdebassenget Aalstvedt (Intelhus) – direkte til bustadfeltet Svøo I-III, i staden for å følgje leidningen langs Fylkesvegen ned til Ulsåk. Tilsvarande har ein ferdigprosjektert ny VA-leidning mellom Fiskum – Bruhaug, ein leidningstrase som både vil auke forsyningskapasiteten, men og beredskapen til Fjellandsbyen, uavhengig av den gamle leidningen som går gjennom Trøym sentrum. Dette strekket vert ferdigstilt i 2016.

Butilbod:

«I Hemsedal vil me at alle som bur, eller ynskjer å bu skal finne attraktive, varierte og tenlege butilbod.»

Totalt sett er kommunen godt rusta kva gjeld tilbod av sentrumsnære eine-/ fleirmanns **bustadtomter** på Ulsåk og Trøym, mens ein venter på resultat av hydrogeologiske undersøkingar på Tuv for å kunne fastsette kor ein kan regulere/- lokalisere bustader utan å komme i konflikt med ny planlagt drikkevasskjelde. Det er framleis eit sterkt ønskje å hindre at bustader vert brukt som fritidsbustader,- ein bruk som både kan påverke bustad pris, men også føre med seg ulike miljøproblem spesielt i bustadfelt.

For å møte ein stadig befolkningsvekst har kommunen lagt til rette for framtidig bustadbygging både i tettstadene og grendane. Det vart gjennom året selt 5 kommunale bustadtomter, ein to-

mannsbustadtomt på Svøo, ein einebustadtomt og tre 2- mannsbustadtomter på Fiskum. Alle tomter vert selt til sjølvkost. Samla tomtereserve i kommuneplanen er framleis god med estimat på 300 tomter, der 48 av desse er regulert spreidd.

Det har vore vanleg å ta ut kontrollister for oppfølging i høve bustadeigedom og fast busetjing i Folkeregisteret. Dette har, saman med utbyggingsmønster og tilgang på fritidsbustadar vore med å redusert problemet med at bustadhus har vore nytta til fritidsformål. I tillegg kjem kontroll av eigenerklæring om konsesjon som blir utfylt ved kjøp av bustad. Med bakgrunn i knappheit på arbeidsressursar og lite registrert misbruk siste 3 åra vart det ikkje gjennomført nokon systematisk kontroll av **buplikta** i 2015.

Kvart år er det ca. 350 **sesongarbeidarar** i kommunen. Mange av disse vekslar mellom vinter- og sommerrelatert arbeid og blir gjerne verande i kommunen over fleire år. Det er i hovudsak næringa sjølv som følgjer opp integrering i bygda, men næringa melder at det kan vere vanskeleg å oppdrive relevante butilbod for denne gruppa.

Næringsliv:

«I Hemsedal vil me dyrke eit nyskapande næringsliv.»

Næringsliv

Hemsedal kommune er deltakar i fleire regionale prosjekt. Regionrådets bolystprosjekt «**Hallingdal 2020**», er eit rekrutterings- og bolystprosjekt med mål om å styrke Hallingdal som en attraktiv og bærekraftig bo- og arbeidsmarkedsregion. Prosjektet rettar seg mot dei tre målgruppene HytteHalling, Ung Halling og Kvinne 28. Eit anna prosjekt er «**Utviklingsprogram for byregioner**», der kommunane i Hallingdal har fått tilskot til å utvikle strategiar og setja i verk aktivitetar og tiltak for å møte utfordringar som er avdekka gjennom ei heilskaplege samfunnsanalyse. Det er regionrådet for Hallingdal som har prosjektansvaret for utviklingsprogrammet, der Regionrådet er styringsgruppe. Regionen ser spesielt på strategiar knytt til utvikling av eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning. Ein ønskjer å utvikle meir kunnskap om korleis felles utfordringane kan løysast gjennom samarbeid og i fellesskap, og med konkrete tiltak.

Hausten 2015 er det også blitt oppretta to tidsavgrensa mellombelse **innkvarteringstilbod/ transittmottak** med inntil 380 plassar. Det er også blitt oppretta eit einsleg mindreårig mottak med inntil 30 plassar samt ei auke på mottaket på Tuv frå 150 plassar til 180 plassar.

I samarbeid med næringsaktørar har kommunen arrangert ei rekkje **møteplassar** for både næringsliv, hyttefolk og «gründerkafe». Ein tett dialog og samarbeid er avgjerande for å sikre føresegelege rammer, i tillegg til infrastruktur som samfunnet etterspør for å sikre vidare utvikling.

Kommunen har i samarbeid med næringslivet følgd opp vedteke næringsplan med ein medveten prioritering av alle tiltaka i planen. Arbeidet med ein felles **kommunikasjonsstrategi** peika seg

tidleg ut, samstundes med at nyvalt formannskap vedtok at arbeid med eit badeland skulle prioriterast.

Kommunen ynskjer å vere ein næringsvennleg kommune som kan gje bistand i samband med etablering, bedriftsutvikling, prosjekter med meir. Hemsedal har eigen støtteordning for bedriftsetablering og næringsutvikling gjennom forvaltning av det **kommunale næringsfondet**. Næringsfondet vert tilført årleg ca. kr. 2,75 mill i konsesjonsavgifter, og kvart år vert det meste av desse midlane brukt. **Hemsedal Turisttrafikklag** mottar den største løyvinga på om lag kr. 1 mill i form av «kjøp av vertskapstenester». I tillegg vert det brukt om lag kr. 425.000,- til Hemsedal Utmarksservice – som kommunen sin del av eit samla budsjett på kr. 2,4 mill. Formannskapet har til saman handsama 12 saker med relevans næringsliv og utviklingsprosjekt. Det vart løyvd kr. 205.000,- i **etablerartilskot**, medan det er løyvd kr. 138.000,- i tilskot til utviklings- og tilretteleggingstiltak for næringsutvikling (regionalt kr. 33.000,-). Kommunen har vidare selt ei næringsstomt på Svøo, og samstundes løyvd kr. 50.000,- til miljøfremmande tiltak på Svøo Industriområde spesielt av omsyn til bebuarane som grenser til næringsområdet.

Kommunen har gjeve **retteleing** for både gründere og nyetablerare vedkommande eksterne stønadsordningar. **Hallingdal Etablerersenter** er eit tilbod til den som treng retteleing i samband med å starte og drive eigen verksemd. Etablerersenteret vert drive av kommunane i Hallingdal i samarbeid med Buskerud fylkeskommune og Innovasjon Norge. Kontoret er lokalisert i næringshagen på Gol, men senteret driv og utadretta verksemd for etablerarane.


Realisering av ei friluftshøgskule har stått sentralt i fleire år. Innhaldet i studie vert «Bachelor i guide og entreprenørskap i naturbasert reiseliv» i samarbeid med Universitetet i Stavanger. Det er utarbeida forslag til studieplan i samarbeid med Universitetet og ressurspersoner i Hemsedal innanfor reiseliv/friluftsliv, og det vert no jobba for å finne ei finansiering før planlagt studiestart 2017 innanfor reiseliv/friluftsliv.

I høve landbruksnæringa har kommunen ein sentral forvaltningsrolle av **statlege tilskotsordningar og lovverk**. I 2015 vart det fremja 5 søknadar om bygdeutviklings- og fjellandbruksmidlar. Søknadane gjekk på investeringar i lokalitetar for bearbeiding og sal av lokale produkt. Investering i utbygging til sau og aktivitetsutvikling på gardsbruk med prosjekt med sau i fleire fjøs kan her trekkast fram, med ei **kalkulert samla investering på ca. kr. 1,9 mill.**

Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i landbruket **SMIL og nærings- og miljøtiltak (NMSK)** i skogbruket vart revidert. Målsetjinga er å ta vare på kulturlandskapet og auke produksjonen og tilveksten i skogen. Det var fremja 6 søknadar på SMIL tiltak og løyvd kr 200 000,- i tilskot som utgjer ca. 35 % av investeringskostnadane. Det var til saman 10 søknader over tilskotsordning «Ymse jord og skogbruksformål», med ei samla utbetaling på kr 130 000,- til dette føremålet. **Statlege produksjons- og avløysartilskot** utgjer om lag kr 19,5 mill med 75 søkjarar til ordningane. Regionalt miljøprogram RMP, utløyste ut kr ca. 1mill.


Ein viktig forvaltningsoppgåve for kommunen er årleg ajourhald av gardskarta som grunnlaget for arealtilskotet til landbruket. Det er godkjent plan for **nydyrking av tilsaman 9 daa, og 4 søknadar**

om grøfting av jordbruksareal med eit statstilskot på kr. 20 000,-. Gjennom vedtekne planar/ dispensasjonar vart det samla **omdisponert** 2,5 daa fulldyrka jord til bustad/tilleggsnæring, og 7 daa dyrkingsjord gjennom plana for Fiskum bustadfelt.



Av planting innan skogbruket har det vorte registrert 37 300 planter, som ligg godt over snittet dei siste åra. Dette heng og saman med auke i avverkning med 13000 kbm (balansekvantum 8000 kbm).

Investeringsiveren innan næringslivet generelt er stor. Det er framleis stor byggeaktivitet, og det vert selt fritidstomter. Av heilt nye tiltak kan ein spesielt nemne oppstart av Hemsedal Suits, «Lodge II», med eit samla bruksareal på ca. 13.500 kvm. Turistnæringa registrerer og ei vekst i kommersielle gjestedøgn.



Samferdsel og kommunikasjon:

«I Hemsedal vil me ha ein effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur som sikrar næringslivet og innbyggjarane i kommunen.»

Arbeidet med trafikktryggleik held fram, og ein forsøker heile tida å søke om trafikktryggleiksmidlar frå ordninga FTU (Fylkeskommunens Trafikksikkerhets Utval) i tråd med kommunedelplan for **Trafikktryggleik**. Dei fleste av tiltaka som no står att gjeld RV-52 eller fylkesveg, og det er vanskeleg å få løyst ut mildere tiltak her, slik som t.d. gang- og sykkelveg som har høgaste prioritert. Statens Vegvesen er på etterskot med å følgje opp fleire av tiltaka i trafikktryggleiksplanen. Det er gjort vedtak om redusert fart på Fylkesveg 233 (Torsetsida) og 224 (Lykkjavegen). I samband med Trafikktryggleiksarbeidet har ein starta opp med sertifiseringsordninga «Trafikksikker kommune», ein gjennomgang av rutinar og dokumentasjon som viser at kommunen som organisasjon tek trafikktryggleik på alvor.

Arbeidet med å synleggjere **RV- 52** som prioritert fjellovergang mellom aust og vest held fram. Det er uvisse om korleis tyngre samferdselsmessige tiltak vil påverke kjøremønsteret gjennom Hemsedal.

Både **Fløgovegen og Hustadvegen** har vorte rehabilitert, og desse vegane vert asfaltert i 2016.

Ny **Venås bru** vart på hausten opna opp for trafikk etter ein lengre anleggsperiode. Kommunen fekk etter innspel frå Historielaget, og etter ein lang avklaringsprosess medhald i å overta gamle Venås bru – som vil vere nyttig for mjuke trafikkantar som ønskjer å krysse Mørkedøla utan å måtte gå langs RV-52. Det står att å finne ei løysning for ei fullgod kryssing frå gamle Venås bru og over RV- 52 som Statens Vegvesen vil akseptere, men kommunen har over investeringsbudsjettet for 2016 satt av noko midlar for lettare tiltak.



I samband med friluftslivet sitt år har kommunen vore aktiv ambassadør for å få alle ut i natur- og friluft. Det har vore produsert ei rekkje artiklar i Hallingdølen og på kommunen sine nettsider som skildrar moglege stig- og turruter. Som miljøtiltak har også kommunen lagt til rette for «øyhopping» fase I vedkommande kommunen sitt areal mellom Bruøyne og Skogstad bru.

Miljø:

«I Hemsedal vil me at miljøet skal takast vare på slik at landskapsbilete/landskapet og naturverdiane kan vidareførast til neste generasjon utan forringing.»

Arealet har vorte rydda og det er søkt, og løyvd friluftsmidlar frå Miljødirektoratet for auka tilgjenge til dette området. Kommunen har også motteke tilretteleggingsmidlar «Smått er godt», på kr. 35.000,- som har vore nytta til grusing/planering langs sentrumsnære stiger.



Handlingsdelen til **Stig- og løypeplan** har vore evaluert og følgt opp, og **HUS** (Hemsedal Utmarksservice) har fått ein tydelegare rolle som felles «entreprenør» for stig- og løypehaldet. HUS vert leia av eit styre der Kommunen, Idrettslaget,

Skistar, Hemsedal Turisttrafikklag, Hemsedal Bondelag, Hemsedal Skogutval og Hemsedal Elveeigar har kvart sitt styremedlem med ei likeverdig representasjon. Partane har brukt ein del tid for å avklare best form for organisering og prioritering av ressursbruken. Det er stort sprik mellom ønske om gjennomføring av tiltak og faktisk budsjett.

For året har det vore øymerka kr. 200.000,- i form av **ENØK- stønad**. Til saman 19 forskjellige tiltak vart omsøkt og fekk utbetalt kr. 167.000,-.

Jfr. gjeldande Energi og Klimaplan 2012- 2015 har kommunen vedteke minimum å redusere energiforbruket i kommunale bygg med 15 % innan 2012, og 20 % innan 2020. For 2010 synte tala

at eit forbruk på 3,7 GWH og med 15% reduksjon ville dette gje ein innsparing på 550.000 kwh. Hemsedal kommune har valt å følgje opp desse måla ved å gjennomføre ei kartlegging, som tilrår moglege tiltak gjennom ordninga **EPC - (Energi Performance Contracting)**. Dette er ein modell for gjennomføring av lønnsamme energieffektiviserande tiltak, og inneber at ein ekstern aktør - ein energientreprenør – står for gjennomføringa av avtalte energitiltak. Kommunen har kartlagt dei 10 største kommunale bygga, og avdekket eit reduksjonspotensiale på 1.257.000 kwh, med ein effektinnsparing på 460 kw dersom ein gjennomfører tiltak for kr. 6.535.570,- eks mva. Alle desse tiltaka har ein positiv noverdi – altså er lønnsame. Hemsedal kommune sin samla energiforbruk i 2015 var på 5,4 GWH.

Hemsedal har i fleire år vore best i Norge når det gjeld tall «**Miljøfyrtårn**» verksemder i høve innbyggjartalet. Hemsedal vinn framleis NM i Miljøfyrtårn der 3 nye private verksemder har kome til gjennom året, og har no til saman 17 registrerte miljøfyrtårnverksemder.

«Helse blir skapt der folk bur – i barnehagen, på skulen, i arbeidslivet, i familien og i nærmiljøet.

Lokalsamfunnet er derfor den viktigaste arena for folkehelsearbeidet»

FOKUSOMRÅDE FOLKEHELSE

Alle einingar i Hemsedal kommune utøver på ulike måtar eit helsefremjande, førebyggjande folkehelsearbeid. Det er fokus på tverrfagleg samhandling ikkje minst innan førebyggjande arbeid og tidleg innsats for barn og unge sin fysiske/ psykiske helse. Felles forståing av eit breitt førebyggjande arbeid, tilrettelegging, trafikktryggleik, sosiale møteplassar og høve for leik og friluftaktivitetar er viktige fokusområder.

Det er etablert ei ressursgruppe innan folkehelse. Eit av medlemmene er utpeika som folkehelsekoordinator og møter som kommunen sin representant i interkommunale fora. I 2015 vart det oppretta ein 50 % regional prosjektstilling som folkehelsekoordinator. Det blir jobba regionalt med å utarbeide oversiktsdokument innan folkehelse samt handlingsplan for folkehelsearbeid. Det er også jobba satt i verk prosjekt og tiltak som kan fremje folkehelse.

Mange lag og organisasjonar utfører eit viktig folkehelsearbeid. I Hemsedal er nesten halvparten av innbyggjarane medlemmer i idrettslaget. Det er eit aktivt kulturliv og mange uformelle og formelle sosiale møtearenaer. Det å skape trygge leike- og friluftarenaer som skapar mangfald i aktivitetar og som kan samle barn, unge og vaksne i gode sosiale miljø, er viktig i all arealplanlegging.

FOKUSOMRÅDE BARN OG UNGE

Barn og unge sin oppvekst er først og fremst familien sitt ansvar, men nærmiljøet, kommunen, frivillige lag og organisasjonar har eit viktig medansvar. Alle tenestoområda har fokus på

førebygging og tidleg innsats. Alle barn og unge skal oppleve ein god oppvekst, ha høve til meningsfylte aktivitetar og likeverdige moglegheiter til å oppleve meistring. Ikkje alle unge finn seg til rette med organiserte aktivitetar. **Ungdomsklubben** er ein viktig sosial møtearena for fleire.

Ved behov for koordinerte tiltak er det eit mål å sette i verk teneester raskt. Tverrsektoriell samhandling og god kompetanse hjå tilsette er viktige faktorar for å gje gode tenester. som til dømes med Individuell plan (IP), ansvarsgrupper og i tverrfaglege møter i skular og barnehagar . **Koordineringsgruppa for barn og unge** utarbeidar felles mål og tiltak for barn og unge, spesielt på det førebyggjande området. Det er under utarbeiding ein oversikt over alle tenester kommunen tilbyr på dei ulike alderstrinn og den kompetanse vi har i kommunen. Det er etablert samarbeid mellom NAV, PPT og OT, oppvekst og helse og omsorg som tek vare på elevar som har behov for støtte i overgang til vidaregåande skule og overgang til yrkesliv.

Alle barn og unge skal ha utbytte av skulegangen både sosialt og fagleg. Prosjekta **Ny Giv**, **Relasjonsskulen** og **Vurdering for læring** har som mål å møte eleven relasjonelt og fagleg. **Manifest mot mobbing** vart underskrive i 2014. Det er stort fokus på dette i barnehage og skule. Kommunen har også fått prosjektmidlar for å jobbe med førebyggjande tiltak og tidleg innsats for barn og unge. **Kjærlighet og grenser** er innført for føresette med elevar på 8. trinn. SLT og politi har opplegg med 9. klasse kvart år. Det blir også jobbe med å få til **ICDP** for i fleire alderstrinn og eit opplegg ei kveldssamling med Kjærlighet og grenser på 10. klassesetrinn.

Prosjekt **Ungdomslos** i vidaregåande skule er eit lågterskeltilbod for dei som har behov for hjelp og støtte. Målet er å hindre fråfall. Det er og starta eit regionalt prosjekt med ungdomslos i ungdomskuletrinnet.

Kort om KOSTRA - Skule

KOSTRA syner lågare netto driftsutgifter samla til grunnskulesektoren.


| D1. Konsern - Grunnskoleopplæring - nøkkeltall (K) i kr | 2015 | 2014 | Diff. |
|---|---------|---------|--------|
| Netto driftsutgifter til grunnskulen samla (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år | 126 883 | 128 311 | - 1428 |

Utvikling i elevtalet

Tabellen under viser utvikling i elevtalet i åra fram mot 2020 i Hemsedal kommune.

Tala er basert på kjennskap til barn i kommunen per mars 2016 og tek ikkje omsyn til netto tilflytting. Det har vore jamn tilflytting. For skulane vil mottak for einsleg mindreårige innverke på ein ekstra auke i elevtalet. Første tabellen viser dei tala vi har registrert i helsestasjonen. Det har også kome fleire etter denne tellinga. Det er ikkje lett å sjå klart føre seg barnetalsutviklinga. Desse tala syner dette.

| År født: | Total | Tilhøyrande Tuv | Tilhøyrande Ulsåk |
|----------|---|-----------------|-------------------|
| 2015 | 23 | 14 | 9 |
| 2014 | 20 | 9 | 11 |
| 2013 | 21 | 8 | 13 |
| 2012 | 22 | 12 | 10 |
| 2011 | 36 | 13 | 23 |
| | 122 barn/165plassar | | |
| 2010 | 43 barn går over til skulen frå hausten 2016 | | |



| Framskrive folkemengd, alder 0-5 år perioden 2014-2040 | | | | | | |
|--|------|------|------|------|------|------|
| Middels nasjonal vekst (Alternativ MMMM) | | | | | | |
| | 2014 | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 |
| 0-5 år | 172 | 181 | 208 | 222 | 227 | 228 |

I tabellene over og til høyre ser vi **talet på barn i alderen 0-5 år**. Tal henta frå KOSTRA Tabellane syner framskriving av folketallet med medium vekst fram mot 2040. Vi har fleire barn enn framskrivinga viser. 3 år og 4 år som tilsvarar barn født 2010 og 2011. I tabellen under ser vi utvikling av prosentvis del av barnegruppa som går i barnehage frå 2013-2015.

| Framskriving frå 2014- | |
|------------------------|-----|
| 0 år | 27 |
| 1 år | 21 |
| 2 år | 26 |
| 3 år | 34 |
| 4 år | 38 |
| 5 år | 24 |
| | 170 |

| C1. Konsern - Barnehager - nøkkeltall (K) | | | |
|--|------|------|------|
| | 2013 | 2014 | 2015 |
| Andel barn 1-2 år i kommunale barnehager i forhold til innbyggere 1-2 år | 78,3 | 76,6 | 79,5 |
| Andel barn 3-5 år i kommunale barnehager i forhold til innbyggere 3-5 år | 93,4 | 98 | 97 |

Kultur

Vi har hatt ein nedgang i netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kroner.

Driftsutgiftene var spesielt høge i 2014. Utgiftene i 2014 var ekstra høye pga tilskudd til Hemsedal Idrettslag med kr. 1.000.000 til Gravsetstadion og kr. 400.000 Totten rulleskiløype

I 2015 fekk vi mellom anna tilbakeføring som galdt kunstgrasbanen som gjorde at netto driftsutgifter var ekstra låge.



Tabellen viser fordelinga i kultursektoren av utgifter på ulike funksjonar i %

| K. Kultur - nøkkeltall (K) etter statistikkvariabel og tid i % | 2014 | 2015 |
|--|------|------|
| Netto driftsutgifter aktivitetstilbud barn og unge (F231) | 7,7 | 9,7 |
| Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370) | 20,5 | 26,8 |
| Netto driftsutgifter til kino (f373) | 0,7 | 0,9 |
| Netto driftsutgifter til museer (f375) | 1,5 | 2,1 |
| Netto driftsutgifter til kunstformidling (F377) | 2,7 | 2,6 |
| Netto driftsutgifter til idrett (F380) | 21,5 | 1,9 |
| Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 18,3 | 21,7 |
| Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler (F383) | 18,9 | 25,7 |
| Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter (F385) | 7,1 | 7 |
| Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg (F386) | 1,1 | 1,7 |

Bibliotek og kulturskule

Det har vore gode utlånstal for bibliotek. Det er registrert ein god vekst frå 2014 til 2015. med tidlegere år. Kulturskulen har hatt vekslende tal på barn. Det har kome mykje an på kva tilbod vi har hatt. Sist år hadde vi tilbod i dans og drama noko som er svært populært.

Vi har ein fin auke i elevtalet på Kulturskulen samt nedgang i barn på venteliste.

| K. Kultur - nøkkeltal | 2013 | 2014 | 2015 |
|--|------|------|------|
| Bokutlån frå folkebibliotek per innbyggjar i alt | 8,9 | 7,4 | 10,9 |
| Barnelitteratur, antal bokutlån barnelitteratur per innbyggjar 0-13 år | 30,2 | 24,6 | 27,0 |
| Utlån, andre media i alt frå folkebibliotek per innbyggjar | 4,1 | 3,2 | 3,5 |
| Besøk i folkebibliotek per innbyggjar | 3,9 | 3,6 | 4,3 |

| | | | |
|--|------|------|------|
| Del av elevar (brukarar) i grunnskulealder i kulturskulen i kommunen, i % | 33,2 | 22,3 | 24,9 |
| Del av barn i grunnskulealder som står på venteliste til kulturskulen, i % | 1,4 | 4,6 | 3,9 |

Hemsedal Kino

Det har vore ein fin vekst i besøk på førestillingane etter at kultursalen opna hausten 2015.

| K. Kultur - nøkkeltal | 2013 | 2014 | 2015 |
|-----------------------------|------|------|------|
| Besøk per kino-førestelling | 64,8 | 55,8 | 80,9 |

Hemsedal Ungdomsklubb

Ungdomsklubben er ein god møteplass for ungdomen, ein avslappande arena der ungdomar med ulike interesser kan møtast i eit miljø utan stress og prestasjonskrav. Besøkstalet er på mellom 20 og 30 på fredagar og 10-20 på onsdagar.

Oversikt over spelemiddelsøknadar

| Spelemiddelsøknadar - ordinære | | |
|------------------------------------|-------------------------|----------------------|
| Anlegg (søknadsår) | Søknadsbeløp (utbet.år) | Total anleggskostnad |
| Kultursalen (2013) | kr 3.000.000 | kr 10.000.000 |
| Gravsetstugu (2014) | kr 1.650.000 | kr 4.950.000 |
| Rulleskiløype* (2015) | kr 2.450.000 | kr 7.350.000 |
| *Denne søknaden er endra i 2016 og | kr 3.936.000 | kr 9.826.000 |
| Spelemiddelsøknader – Nærmiljø | | |
| O-kart, Moatn Lio(2012) | kr 57.000 (2015) | kr 115.000 |
| 5-er bane kunstgras(2013) | kr 1.000.000 (2015) | kr 1.600.000 |

TENESTEPERSPEKTIVET

I. TEKNISK

Forvaltning, matrikkel, plan og byggesak

Byggesak har hatt stor aktivitet gjennom året, med ei auke på 108 saker i høve 2014. Kommunen handsama til saman 280 byggesøknadar. Av desse var 235 av søknadene i tråd med plan. Av totalt tall søknadar var 75 mangelfulle, der kommunen måtte etterspørje tilleggsdokumentasjon. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid ligg på 12 dg, som vert rekna som tilfredsstillande.

Det har vore utført 12 tilsyn i byggjesak. Av desse fekk 6 pålegg med overtledelsesgebyr, medan ein vart rapportert til sentral godkjenningsordning. Kommunen har spesielt forsøkt å følgje opp ulovleg skiltbruk, men da konsentrert seg om Trøym sentrum. Det har vore 3 ulovlegheitssaker, men etter press frå kommunen har grunneigar følgd opp kommunen sine krav.

Tabell- fordeling ulike byggetiltak (bolig- og hytte/fritidsbygg), siste 10 år.

| | |
|-------------------------------|-----|
| Appartement | 11 |
| Camping/ utleie | 21 |
| Enebolig | 70 |
| Enebolig m/hybel/sokkelleil | 19 |
| Fritidsbygg | 319 |
| Motellbygning | 11 |
| Seterhus sel rorbu | 4 |
| Store frittliggende boligbygg | 3 |
| Tomannbolig vertikal | 38 |
| Våningshus | 3 |
| Våningshus vertikal | 2 |
| Sum antall bygg 2006-2015 | 501 |

Kommunen har slutthandsama 3 private detaljreguleringsplanar, ein områdeplan og ein kommunedelplan. Administrasjonen jobbar elles med planspørsmål knytt til 13 andre planar.

Det har også vore ei auke i tall klagesaker som har vorte avgjort av Fylkesmann. I 2015 vart 10 saker avgjort av Fylkesmannen, der berre ei av kommunen sine vedtak vart omgjort av Fylkesmannen. Dette er ei dobling av tall klagesaker i høve 2014.

På det årlege infomøte for handverkarar og entreprenørar møtte det opp 18 interesserte. Føremålet med infomøtet har vore å informere om siste nytt innan plan- og bygningslova, aktuelle planer, litt om kommunen som tilsynsorgan, men og få til ein generell fagprat om tema som byggenæringa er opptekne av. Effektiv kommunal forvaltning føresett at næringa kjenner til og følgjer opp lover – og regler.

Som forvaltningsorgan av matrikkellova (kart og oppmåling) har kommune eit spesielt ansvar i å ajourføre alle endringar i kart, og geosynkronisere dette mot kartverket. Endringar som vedkjem eigedom, bygg, adresser, veg, alpin, terreng, innlegging av planar skal følgjast opp. Dette gjeld også ajourhald av gardskart.

Jfr. **matrikkellova** skal alle vegadressar og adresseverdige bygg i kommunen adresserast innan 31.des. 2014 – ein jobb som krev mykje ressursar. Alle nye vegnamn krev vedtak i kommunestyret. Ved utgangen av året hadde nær alle bustadhus fått vegadresse. Samla ligg kommunen no på ein dekningsgrad på 55% for vegadresser, og 45% matrikkeladresser der spesielt

fritidseiningar utgjer den største restansen. Mange kommunar slit med å følgje opp lova sine fristar.

Av midlertidige forretningar etter delingslov ligg 6 saker på vent i påvente av ny reguleringsplan for Storelia II, og 2 saker der partane må bli einige. I tillegg er frist for å få gjennomført «Ikkje fullførte oppmålingsforretningar» brot for totalt 15 tomter sidan dei fleste av desse tomtene ligg i felt der opparbeiding av felles infrastruktur ikkje er ferdigstilt.

Oversikt over rekvirerte saker pr år:

| År | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|--|------|------|------|------|------|------|
| Rekvisisjoner | 57 | 100 | 109 | 110 | 106 | 114 |
| Utførte oppmålingsforretningar | 74 | 92 | 125 | 57 | 65 | 92 |
| Oppmålte tomter | 74 | 110 | 111 | 109 | 109 | 77 |
| Matrikkelført | 42 | 59 | 134 | 77 | 84 | 71 |
| Oppretting av nye tomter med «Ikkje fullført oppmålingsforretning» | 34 | 14 | 41 | 4 | 19 | 32 |
| Seksjonering | 10 | 8 | 1 | 6 | 5 | 12 |
| Matrikkelføring for Jordskifteretten | 5 | 6 | 0 | 1 | 4 | 8 |
| Matrikkelføring for Statens vegvesen | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 |

Eigedom

Forvaltning av **kommunal eigedomsmasse** har i det store følgd dei rammer som har vore stilt til disposisjon både økonomisk og ressursmessig. Lag og organisasjonar har ein stor bruksfrekvens, noko som fortel om stor aktivitet i bygda. Dette inneber og auka krav til økonomistyring, men og nødvendig rutineoppfølging i høve brukarane. Det har vore registrert større grad av hærverk på kommunal eigedom, noko som legg beslag på frie drift- og vedlikehaldsressursar. Berre på HBU kom dette opp i kr. 200.000,-. Dette vert stadig meir krevjande når ein samstundes veit at Hemsedal opererer med ein dekningsgrad på berre 48% av tilrådd vedlikehaldsbudsjett i høve Holte FDVU- nøkkel.

Mange av investeringstiltaka kommunen har operert med dei siste åra, vert av revisjon definert som driftstiltak. Dette gav seg spesielt utslag på prosjekt 218 – «Ny kledning/ tilleggisolasjon Kommunehuset vestvegg», på kr. 301.250,- som måtte fløttast frå investeringsbudsjettet til drift. Andre investeringar knytt til eigedom, sjå investeringsrekneskapan.

Over tid har ein jobba spesielt med kompetanseutvikling innan reinhald. I dag har 6 av 11 reinhaldarar fagbrev, noko som vert rekna som bra. Kommunen har utvikla eit reinhaldsprogram «Renplan» der ein kan dokumentere tidsintervall/ tidsbruk, metode, type bruk av utstyr – alt som lekk i å fremje effektiv drift, og betre arbeidsmiljø.

Gjennom året er all bygningsmasse registrert i Facilit, eit system som er med å optimalisere eigedomsplanlegging, og drift – t.d. registrering av 34 ventilasjonsanlegg, alder, type anlegg antatt levetid, tidspunkt for vedlikehald, eller ulike avvikshandtering. Her ligg og alle «faste» rutinar/oppgåver beskrive, som mogeleggjjer effektivt tilsyn.

Teknisk drift – Vatn, avløp, og renovasjon, samt drift av kommunale vegger

Innan **vassproduksjon og forsyning** er det god måloppnåing, både når det gjeld leveranse av nok vatn, kvalitet og at vassforsyninga er sikker og effektiv. Ca. 66 % av dei fastbuande i Hemsedal er tilknytt offentlege vassverk. Dette er vesentlig lågare enn gjennomsnittet for Noreg som er 84 %. Dette skuldast busetnadsmønsteret i kommunen.

Vassforsyninga er prega av store sesongvariasjonar avhengig av om det er turistsesong eller ikkje. Det er til dømes berekna at vassverka har om lag 8200 personar midlertidig tilknytt, dvs. personer tilknytt fritidsbustadar, hotell, ol. Periodevis forsyner dermed vassverka totalt nærmare 10 000 personar. Variasjonane fører til krevjande driftsforhold samt høge kostnader både m.o.t. drift og investering sett i forhold til tall fastbuande i kommunen og den totale vassmengda kommunen produserer.

Lekkasjeprosenten samla for dei kommunale vassverka i Hemsedal er på om lag 40 % medan snittet i Noreg ligg på 32 %. Som det framkjem av tabellen under er samla lekkasjenivå 4,2 l/sek (legalt natteforbruk er da trekt i frå). Fordelt på kommunen sine fastbunde utgjør den samla lekkasjemengda 238 l/pd. Lekkasjemengden bør ned på 200 l/pd for å være akseptabel.

| Forsyningsområde | Lekkasje (m3/h) 2015 | Lekkasje (l/s) 2015 | Legalt natteforbruk (m3/h) | Lekkasje % | Fordelt på fastboende (l/pd) |
|-----------------------------------|----------------------|---------------------|----------------------------|------------|------------------------------|
| Ulsåk (Ålstveit HB) | 4,9 | 1,4 | 0,10 | 57 | 237 |
| Trøym - Holdebakken | 10,0 | 2,8 | 0,30 | 38 | 306 |
| Tuv | 0,2 | 0,1 | 0,05 | 7 | 20 |
| Sum alle forsyningsområder | 15,1 | 4,2 | 0,5 | 40 | 238 |

Tall meter ledningsnett pr. fastbuande er, som det kjem fram av tabellen under, er svært høgt noko som skuldast relativt spreidd busetnad og at ein stor del av ledningsnett går til forsyning av turistområder. Det kan til samanlikning nemnast at Drammen kommune har 5 meter kommunalt ledningsnett/innbyggjar, medan Hemsedal har 27 meter ledningsnett pr. fastbuande.

I lekkasje pr. meter ledning pr. år ligg Hemsedal på om lag på same nivå som dei andre kommunane i Hemsedal (Gol: 3,1 m3/m/år, Ål: 3,4 m3/m/år, Hol: 3,5 m3/m/år).

| Forsyningsområde | Antall meter ledningsnett | Meter ledningsnett pr. fastboende | Meter ledningsnett pr. tilknytt totalt* | Lekkasje i liter pr sekund og km ledningsnett (l/skm) | Lekkasje pr meter ledning pr år (m3/m/år) |
|---------------------|---------------------------|-----------------------------------|---|---|---|
| Ulsåk | 13 795 | 28 | 15 | 0,10 | 3,1 |
| Trøim - Holdebakken | 25 373 | 32 | 3 | 0,11 | 3,5 |
| Tuv | 2 300 | 10 | 4 | 0,02 | 0,8 |
| SUM | 41 468 | 27 | 5 | 0,10 | 3,2 |

Mattilsynet har gjennomført revisjon/tilsyn ved Krikken Vassverk. Det vart ikkje avdekka avvik.

Kva gjeld **avløpshandtering** vert målet om å halde reisekrav i høve utsleppløyvar halde. Dei

kommunale anlegga, som det framkjem av tabellane under syne til svært gode resultat.

| TRØIM RENSEANLEGG | | | Reinsekrav overhaldt | |
|------------------------------------|------|----------|----------------------|-----|
| Paramenter | Krav | Resultat | Ja | Nei |
| Renseeffekt fosfor (%) | 93 | 98 | X | |
| Totalutslipp fosfor (kg) | 164 | 35 | X | |
| Krav til rensing av organisk stoff | - | - | X | |
| Vannmengde i overløp | <5 % | <1% | X | |

| ULSÅK RENSEANLEGG | | | Reinsekrav overhaldt | |
|---|------|----------|----------------------|-----|
| Paramenter | Krav | Resultat | Ja | Nei |
| Middel restkonsentrasjon fosfor pr liter | 0,40 | 0,05 | X | |
| Høyeste restkonsentrasjon fosfor pr liter | 0,80 | 0,11 | X | |
| Renseeffekt fosfor (%) | 90 | 99 | X | |
| Totalutslipp fosfor (kg) | 21,9 | 3 | X | |
| Krav til rensing av organisk stoff | - | - | X | |
| Vannmengde i overløp | <5 % | <1 % | X | |

Det har vorte gjennomført **resipientovervaking** i Hemsil i forbindelse med utslipp frå Trøim reinseanlegg der målet er at samla tilstand skal vere god, eller svært god. Programmet inneheldt måling av næringsaltar- og tarmbakterieinnhald, totalt organisk karbon, suspendert stoff og begroingsalgar. Næringssaltkonsentrasjonane var marginalt høgare nedstrøms enn oppstrøms anlegget, utan at dette påverka klassifiseringa. For nitrogen var tilstanden god eller svært god i alle prøvane. For fosfor var tilstanden svært god i alle prøvene unntatt den 4. prøvetakinga (veke 36), som vart teken ved flaum. Same resultat finn ein for TKB- verdiar, men med negativt utslag for veke 36 både oppstrøms og nedstrøms reinseanlegget, noko som tilsvarar tilstandsklasse dårlig. Dette skuldast mest sannsynlig store nedbørsmengder og flom. Det er tilsynelatande ingen forskjell mellom prøvene tatt oppstrøms og nedstrøms reinseanlegget. Begroingsalgeprøvene viser god tilstand opp- og nedstrøms reinseanlegget. Den samla tilstanden var god både oppstrøms og nedstrøms reinseanlegget, og målsetnaden vart altså nådd.

| | Total fosfor | Total nitrogen | Tilstand næringsalter | Tilstand begroingsalger | Samlet tilstand |
|------------|--------------|----------------|-----------------------|-------------------------|-----------------|
| Prøvepunkt | nEQR* | nEQR | Gjennomsnitt nEQR | nEQR | |
| Oppstrøms | 0,83 | 0,88 | 0,86 | 0,69 | God |
| Nedstrøms | 0,78 | 0,83 | 0,81 | 0,69 | God |


*nEQR = Normalisert økologisk kvalitetsratio, varierer frå 0-1 der 1 er best (nærmast naturlig tilstand/referansetilstand)

Nøkkeltal



| Tema | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Reinsa avløpsvatn (m3) Trøim | 192 430 | 208 955 | 202 800 | 196 069 | 213 788 | 192 111 | 213 255 |
| Reinsa avløpsvatn (m3) Ulsåk | 84 369 | 82 824 | 67 715 | 77 762 | 59 646 | 45 751 | 55 129 |
| Trøim ra renseeffekt (fosfor) (%) | 98 | 96 | 96 | 91 | 93 | 99 | 98 |
| Ulsåk ra renseeffekt (fosfor) (%) | 94 | 94 | 89 | 77 | 90 | 97 | 99 |
| Trøim ra forsforutslepp i kg | 32,5 | 137,9 | 63 | 114 | 111 | 17 | 32 |
| Ulsåk ra forsforutslepp i kg | 27,2 | 20,4 | 33 | 94 | 43 | 9 | 3 |
| Tot. driftskostn (inndir.+dir. x1000) | 7 145 | 8 187 | 7 502 | 7 979 | 8 500 | 8 816 | 7 845 |
| Inntekter (x1000) | 7 314 | 7 728 | 8 006 | 7 794 | 7 871 | 9 078 | 8 263 |
| Kostnadar energi - rensing (x1000 kr) | 326 | 294 | 289 | 366 | 469 | 404 | 376 |
| Kostnadar kjemikaliar (x1000 kr) | 277 | 305 | 229 | 261 | 305 | 366 | 248 |
| Økonomisk dekningsgrad (%) | 102 | 94 | 106 | 98 | 93 | 103 | 105 |

Kommunale årsgebyr - sjølvkostområde


I 2015 betalte ein standard einebustad med eit vassforbruk på 120 m³/år 7 858 kr ekskl. mva i gebyr for tenestene vatn, avløp og renovasjon. Dette er ca. 1 000 kr under snittet i forhold til dei øvrige Hallingdalskommunane.



For ein fritidseigedom med eit vassforbruk på 60 m³/år vart avgiftene på kr. 5012,- ekskl. mva. for tenestene vatn, avløp og renovasjon. Dette er lågast i Hallingdal og kr. 1875,- under snittet i forhold til dei øvrige Hallingdalskommunane. Fritidseigedom med slamavskiljar på 4,5 m³ og renovasjon vart fakturert med kr. 1800 ekskl. mva. pr. år.



For ein standard einebustad med eit vassforbruk på 120 m³/år ligg det ann til fylgjande gebyrutvikling i perioden 2016-2019. Årsaka til nedgangen i 2016 er stor byggeaktivitet og dermed rekordhøge inntekter knytt til tilknytningsgebyr.



Sjølvkost – etterkalkyle 2015

Hemsedal nyttar Momentum som ekstern ressurs for å dokumentere at forvaltning av sjølvkosttenestene er i tråd med forskrift. Nærmare om grunnlaget for sjølvkost, og dokumentasjon for 2015 ligg i etterfølgjande dokumentasjon.

Gebyrfinansierte selvkosttjenester

Etterkalkyle 2015

Hemsedal kommune har utarbeidet etterkalkyle for betalingstjenester i henhold til Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Kommunen benytter selvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune.

Selvkost innebærer at kommunens kostnader med å frembringe tjenestene skal dekkes av gebyrene som brukerne av tjenestene betaler. Kommunen har ikke anledning til å tjene penger på tjenestene. For å kontrollere at dette ikke skjer må kommunen, etter hvert regnskapsår, utarbeide en selvkostkalkyle som viser selvkostregnskapet for det enkelte gebyrområdet. Elementene i en selvkostkalkyle avviker fra kommunens ordinære driftsregnskap på enkelte områder og de to regnskapene vil, som eksemplet under viser, ikke være direkte sammenlignbare.


| Forskjeller mellom kommunens regnskap og selvkostregnskapet | Regnskapsresultat | Selvkostkalkyle |
|---|-------------------|------------------|
| Gebyrinntekter | 8 800 000 | 8 800 000 |
| Øvrige driftsinntekter | 20 000 | 20 000 |
| Driftsinntekter | 8 820 000 | 8 820 000 |
| Direkte driftsutgifter | 5 700 000 | 5 700 000 |
| Avskrivningskostnad | 1 750 000 | 1 580 000 |
| Kalkulatorisk rente | 0 | 1 140 000 |
| Indirekte driftsutgifter (netto) | 0 | 240 000 |
| Driftskostnader | 7 450 000 | 8 660 000 |
| Resultat | 1 370 000 | 160 000 |

I selvkostkalkylen inngår regnskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter eksklusiv regnskapsmessige avskrivninger, kalkulatoriske avskrivninger og rentekostnader, samt henførte indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter).

Ved beregning av kalkulatoriske avskrivninger skal det i selvkostberegningene gjøres fratrukk av fremmedfinansiering. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikke i kommunens driftsregnskap, men representerer en alternativ avkastning kommunen går glipp av ved at kapital er bundet i anleggsmidler. Den kalkulatoriske rentekostnaden beregnes med utgangspunkt i anleggsmidlenes restavskrivningsverdi og en kalkylerente. Kalkylerenten er årsgjennomsnittet av 5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng. I 2015 var denne lik 1,94 %.

Retningslinjene fastsetter regler for henføring av relevante administrasjonsutgifter som kan inngå i selvkostgrunnlaget. Videre er det bestemt at eventuelle overskudd skal avsettes til bundne selvkostfond. Et overskudd fra et enkelt år skal tilbakeføres til brukerne i form av lavere gebyrer i løpet av en femårsperiode. En generasjon brukere skal ikke subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tjenestene som ytes i dag skal dekkes av de brukerne som drar nytte av tjenesten. Dette innebærer at dersom kommunen har overskudd som er eldre enn fire år, må dette i sin helhet gå til reduksjon av gebyrene det kommende budsjettåret. Eksempelvis må et overskudd som stammer fra 2015 i sin helhet være disponert innen 2020.

I tillegg til å utarbeide en etterkalkyle for hver betalingstjeneste må kommunen også utarbeide forkalkyler i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylerne gir grunnlaget for kommunens gebyrsatser. Ved budsjettering er det en rekke usikre faktorer, herunder fremtidig kalkylerente, utvikling av antall brukere og generell etterspørsel. I tillegg til å overholde generasjonsprinsippet bør kommunen ha målsetning om minst mulig svingninger i de kommunale gebyrene.



Samlet etterkalkyle 2015

Etterkalkylene for 2015 er basert på regnskap datert 12. februar 2016.

| Etterkalkyle selvkost 2015 | Vann | Avløp | Renovasjon | Slam- tømming | Totalt |
|---|------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Gebyrinntekter | 4 195 235 | 8 160 776 | 5 550 826 | 1 013 044 | 18 919 881 |
| Øvrige driftsinntekter | 65 056 | 102 116 | 0 | 0 | 167 172 |
| Driftsinntekter | 4 260 291 | 8 262 892 | 5 550 826 | 1 013 044 | 19 087 053 |
| Direkte driftsutgifter | 2 667 587 | 4 328 386 | 5 387 138 | 785 435 | 13 168 546 |
| Avskrivningskostnad | 1 057 211 | 2 438 897 | 19 914 | 0 | 3 516 022 |
| Kalkulatorisk rente (1,94 %) | 402 266 | 660 728 | 18 737 | 0 | 1 081 731 |
| Indirekte netto driftsutgifter | 408 286 | 415 099 | 201 978 | 118 791 | 1 144 154 |
| Indirekte avskrivningskostnad | 1 652 | 1 906 | 296 | 64 | 3 918 |
| Indirekte kalkulatorisk rente (1,94 %) | 127 | 147 | 23 | 5 | 302 |
| Driftskostnader | 4 537 129 | 7 845 163 | 5 628 086 | 904 294 | 18 914 672 |
| Resultat | -276 838 | 417 729 | -77 260 | 108 750 | 172 381 |
| Kostnadsdekning i % | 93,9 % | 105,3 % | 98,6 % | 112,0 % | 100,9 % |
| Selvkostfond/fremførbart underskudd 01.01 | 885 965 | -1 572 634 | -1 062 441 | -1 110 901 | -2 860 011 |
| -/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond | -276 838 | 417 729 | -77 260 | 108 750 | 172 381 |
| +/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad selvkostfond (1,94 %) | 14 502 | -26 457 | -21 361 | -20 497 | -53 813 |
| Selvkostfond/fremførbart underskudd 31.12 | 623 629 | -1 181 362 | -1 161 062 | -1 022 648 | -2 741 443 |

| Etterkalkyle selvkost 2015 | Feiling | Reguleringsp- laner | Bygge- og eierseksj.- saker | Kart og oppmåling | Totalt |
|---|-----------------|------------------------|-----------------------------------|----------------------|-------------------|
| Gebyrinntekter | 455 885 | 510 615 | 1 982 241 | 944 427 | 3 893 168 |
| Øvrige driftsinntekter | 31 000 | 140 251 | 35 542 | 122 687 | 329 480 |
| Driftsinntekter | 486 885 | 650 866 | 2 017 783 | 1 067 114 | 4 222 648 |
| Direkte driftsutgifter | 460 920 | 968 155 | 2 247 427 | 895 801 | 4 572 303 |
| Indirekte netto driftsutgifter | 99 148 | 392 793 | 1 148 081 | 392 016 | 2 032 038 |
| Indirekte avskrivningskostnad | 0 | 889 | 1 916 | 1 281 | 4 086 |
| Indirekte kalkulatorisk rente (1,94 %) | 0 | 68 | 147 | 99 | 314 |
| Driftskostnader | 560 068 | 1 361 906 | 3 397 572 | 1 289 196 | 6 608 742 |
| + Tilskudd/subsidiering | 0 | 711 040 | 1 379 789 | 0 | 2 090 829 |
| Resultat | -73 183 | 0 | 0 | -222 082 | -295 265 |
| Kostnadsdekning i % | 86,9 % | 47,8 % | 59,4 % | 82,8 % | 63,9 % |
| Fremførbart underskudd 01.01 | -88 507 | 0 | 0 | -1 028 625 | -1 117 032 |
| -/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond | -73 183 | 0 | 0 | -222 082 | -295 265 |
| +/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad selvkostfond (1,94 %) | -2 427 | 0 | 0 | -22 108 | -24 535 |
| Fremførbart underskudd 31.12 | -164 117 | 0 | 0 | -1 272 715 | -1 436 832 |

Etterkalkylen for 2015 er utarbeidet i samarbeid med Momentum Selvkost AS som har mer enn 12 års erfaring med selvkostproblematikk og bred erfaring rundt alle problemstillinger knyttet til selvkost. Selvkostmodellen Momentum Selvkost Kommune benyttes av flere enn 230 norske kommuner.

Investeringsoversikt - kommentar

Generell kommentar

Tabellen under syner status for dei ulike investeringsprosjekta. Kolona «Budsjett 2015» angir vedteken budsjett for 2015 inkludert endringar gjort av kommunestyret

- Gjennomføres som planlagt innanfor vedteken ramme
- Usikkerheit i forhold til gjennomføring og/eller kostnader (sjå kommentar)
- Avvik (sjå kommentar)

| P. nr | Prosjektnavn | Budsjett 2015 | Regnskap 2015 | Avvik |
|-------|---|-------------------|-------------------|-------|
| 018 | IKT Hallingdal | 402 000 | 0 | |
| 031 | Eigenkapitalinnskot KLP | 400 000 | 0 | |
| 049 | Tiltak trafiktryggleiksplan | 100 000 | 0 | |
| 073 | Fløgovegen | 500 000 | 264 263 | |
| 162 | Ny bru Torsetvegen | | 459 427 | |
| 164 | EPC - gjennomføringsfasen | 350 000 | 270 568 | |
| 027 | Hustadvegen | 500 000 | 429 059 | |
| 221 | Oppgradering av Ølynevegen 10 | 200 000 | 204 162 | |
| 201 | Etablering av Kyrkjegården | 2 000 000 | 1 900 000 | |
| 122 | Kultursalen | 7 600 000 | 7 703 751 | |
| 230 | Ventilasjon - kjøling Bygdaheimen | 400 000 | 0 | |
| 218 | Ny kledning/tilleggsisolering Kommunehuset | 300 000 | 0 | |
| 232 | Tak bibliotek | 400 000 | 0 | |
| 179 | Båsto - tiltak - infiltrasjonsanlegg | 150 000 | 161 490 | |
| 233 | Kjøp av iPad politikere - 2015 | 0 | 236 075 | |
| 237 | Akuttmedisinsk utstyr legekantoret | 970 000 | 833 869 | |
| | Sum ordinære anleggsmidler | 14 272 000 | 12 462 664 | |
| 160 | Rehabilitering av ledningsnett (Ulsåkk) | 700 000 | 0 | |
| 153 | Ny V-ledning Ålstveit HB-Svæo | 3 000 000 | 2 314 983 | |
| 150 | Veg og VA, Haugavegen, Tunvegen og Trøimsvegen | 500 000 | 0 | |
| 141 | FDV-system og overvåkningsanlegg VA | 600 000 | 316 867 | |
| 108 | Utviding av høgdebasseng Holdebakken - ref. HIAS- avtalen | 700 000 | 0 | |
| 151 | VA-ledning Bruhaug-Trøim | 5 900 000 | 1 062 592 | |
| 144 | Nytt vannverk Tuv - relatert egen utbyggingsavtale - HIAS - egen ma | 250 000 | 0 | |
| 140 | VA-ledning D1-Tuv | 150 000 | 0 | |
| 033 | Bil Drift 2015 | 175 000 | 175 000 | |
| 154 | Tinden utbyggingsavtale | 1 962 500 | 0 | |
| 228 | Utbygging VA-nett Tinden | 5 000 000 | 97 050 | |
| | Sum VAR-investeringar | 18 937 500 | 3 966 492 | |
| 235 | Planlegging bustadbygging - Tuv og undersøkelse hydrogeologi | 100 000 | 0 | |
| | Sum bustad utvikling | 100 000 | 0 | |
| | TOTALT | 33 309 500 | 16 429 156 | |

Kommentarer til avvika

Prosjekt 162 - Ny bru Thorsetvegen

Kommunestyret løyde kr. 9,4 mill inkl mva i sak 41/14, med krav om sluttrapport innan 1. oktober 2015. Ved årsslutt 2014 vart det rekneskapsført kr. 8.478.453,-. Siste faktura for arbeidet kom etter frist for årsrekneskap, og det var ikkje søkt om overføring av unytta midlar. Rest på kr. 459.427,- kjem difor fram som avvik sjølv om det ligg innanfor opprinneleg løyvd ramme.

Prosjekt 049 - Trafikktryggleikstiltak

På grunn av kapasitetsmangel vert det ikkje gjennomført trafikkikkerhetstiltak i 2015, slik som reetablering av fartshump på Grøndalesvegen og belysing omkring Tuv oppvekstsenter.

Prosjekt 073 Fløgovegen

Ramma i 2015 vart redusert frå 0,5 mill til 0,3 mill. Kr 0,2 mill. er inarbeida i budsjett for 2016. Eventuelle ubrukte midlar pr. 31.12.2015 vert overført 2016. Årsak til endringa skuldast at asfaltering bør utførast fyst året etter at veggen er utbedra.

Prosjekt 027 Hustadvegen

Ramma vart redusert i 2015. Unytta midlar vert overført til budsjett for 2016. Asfaltering bør utførast fyst året etter at veggen er utbedra, noko som er teke omsyn til i budsjett for 2016.

Prosjekt 201 Etablering av Kyrkjegarden

Det vart større avvik i høve masseberekning/kalkyler og faktiske mengder på ut/innkøring av masse. Dessutan er det behov for å knytte den gamle «posthuseigedomen» vest for kommunehuset til offentleg nett. Unytta midlar vert overført til budsjett for 2016.

Prosjekt 122 Kultursalen

Overforbruk kan i hovudsak forklarast med større kostnader på lyd, lys og scenekunst, men også noko større arkitektkostnader enn budsjettet. Samla avvik for heile prosjektet frå 2013- 2015 vert kr. 86.464,-. Eigen sluttrapport vert handsama i 2016.

Prosjekt 230 Ventilasjon - kjøling bygdaheimen

Kommunen etablerer 3 stk varmpumper med kjøling. Dette sikrar eit tilbod for dei som er mest avhengig av kjøling. Ramma vert justert ned med kr. 200.000,-, og overført til 2016. Tiltak gjennomførast våren 2016, før varmepериoden kjem.

Prosjekt 218 Ny kledning/tilleggsisolering Kommunehuset

Tiltak gjennomført i tråd med budsjett, men etter pålegg frå revisjon er tiltaket fløtt over til drift sidan revisjon meiner at tiltaket ber meir preg av å vere eit driftstiltak i høve regel om rekneskapsføring.

Prosjekt 232 Tak bibliotek

Prosjektet utgår/vert utsett. Gjennomfører driftsmessige tiltak som reduserer snøproblematikk på tak.

Prosjekt 233 iPad politikere 2015

Ny sak som det ikkje har vore budsjettet med. Tiltaket vert lånefinansiering. Investeringen bidreg ikkje til større låneopptak enn opprinneleg løyving for kommunen.

Prosjekt 179 Båstø (loft og fjøs)

Midlar avsatt i 2015 har jfr. reviert budsjett gått til etablering av nytt avløpsrøseanlegg. Tiltak på loft/tak vert teke over drift i 2016.

Prosjekt 153 Ny V-ledning Alstveit HB-Svøo

Arbeidet er noko forseinka og sluttoppgjør vil ikkje kome før i 2016. Restløyving pr. 31.12.2015 må difor overførast til 2016.

Prosjekt 150 Veg og VA, Haugavegen, Tunvegen og Trøimsvegen

Prosjektet utsettes fram til ny skule- og barnehagestruktur vert avgjort da dette i stor grad vil kunne påverke kva som skal byggast ut i dette området. Midlar avsett i 2015 vert flytta til 2016, midlar avsatt i 2016 vert flytta til 2017 osv.

Prosjekt 141 FDV-system og overvåkningsanlegg VA

Arbeidet er noko forseinka og sluttoppgjør vil ikkje kome før i 2016. Restløyving pr. 31.12.2015 overførast til 2016.

Prosjekt 108 Utviding av høgdebasseng Holdebakken - ref. HIAS- avtalen

Åwenter i gangsetting til arbeidet med hovudplan for VA er ferdigstilt.

Prosjekt 151 VA-ledning Bruhaug-Trøim

Arbeidet er forsinka. Det er total avsatt 6,9 mill til gjennomføring av prosjektet. 2,9 mill. innarbeides i budsjett for 2016. I tillegg overførast ubrukte midlar pr. 31.12.2015 til 2016.

Prosjekt 144 Nytt vannverk Tuv - relatert egen utbyggingsavtale - HIAS - egen marknad

Åwenter i gangsetting til arbeidet med hovudplan for VA er ferdigstilt.

Prosjekt 140 VA-ledning D1-Tuv

Prosjektet vert utsatt. Åwentes til ny hovudplan for vatn og avløp ervedtatt samt kapasitet og gjennomføringsevne i administrasjonen.

Prosjekt 154 Tinden utbyggingsavtale

Det vert ikkje aktuelt å utbetale tilskotet i 2015. Løyvinga vert difor overført prosjektnr. 228 i 2016.

Prosjekt 228 Utbygging VA-nett Tinden

Kun arbeid med prosjektering og formalisering av avtaler mellom kommunen og grunneigarar vert gjort i 2015. Restløyving pr 31.12.2016 overførast til budsjett for 2016.

II. HELSE OG OMSORG

Helse, velferd, omsorg

«Alle menneskjer er ressurspersonar. – I Hemsedal vil vi ved utforming av tenestetilbod og ved tilrettelegging la enkeltmenneske få bruke sine ressursar på ein best mogleg måte ut i frå sine føresetnader. Slik kan dei oppleve livskvalitet basert på meistring, mening og livsglede.»

Helse og omsorgsetaten omfattar psykisk helse, helsestasjon, legeteneste, fysioterapi, institusjonsbasert teneste, heimeteneste, Bråtenjordet og koordinerande eining.

NAV, Hallingdal barnevern, miljøretta helsevern og Hallingdal krisesenter er ligg under helse- og omsorg sitt budsjettområde, men dei leverer eigne årsmeldingar.

Det er etablert ein god kultur for **tverrfagleg samarbeid** i etaten. Det er oppretta eit fleirfagleg team for barn og unge og eit for vaksne som har ansvar for tildeling av tenester der det er behov for samordning. Dette gjer at ein betre kan nytte personalressursane på tvers av tenesteområda og tilby samordna tenester for dei som har behov for det. Det er og etablert eit godt samarbeid med psykiatrisk poliklinikk i Vestre Viken, Habiliteringstenesta, Spiss kompetansesenter og Familievernkontoret. Dei kjem til Hemsedal regelbunden for å samarbeide om enkeltbrukarar, men og for å rettleie personalet.

Det er fokus på **førebyggjande arbeid og tidleg intervensjon**. Det skjer mykje førebyggjande tiltak innan dei ulike einingane, og etaten er med i ei rekkje samarbeidsprosjekt.

- Kjærlighet og grenser
- Lek og sommarmoro i regi av Psykisk helse
- Dagsenter og middagsgruppe i regi av psykisk helse
- ICDP og EDPS i regi av helsestasjon
- Ulike treningsgrupper i regi av fysioterapi, Friskliv
- Treningsgrupper for å førebygge/ behandle muskel- og leddplager.
- Bassengtrening
- Seniordans
- Fallførebyggande trening, fysisk trening for eldre heimebuande og bebuarar på sjukeheim
- Samarbeidsprosjekt mellom psykisk helse NAV, fysioterapi og Friskliv der aktiv livsstil og god psykisk og fysisk helse står i sentrum. Tiltaket baserer seg på individuell- og gruppetilnærming i form av trening, samtaler og møter med ulike tema.
- Den kulturelle spaserstokken- kulturinnslag på sjukeheim, haustfest for eldre og stølsdag
- Musikkstund på sjukeheimen, samarbeid med musikk og kulturskulen

Det er søkt om prosjektmidlar og blitt etablert fleire prosjekt både lokalt og regionalt.

Regionale prosjekt

- Ungdomslos i vidaregående skule
- Ungdomslos i ungdomskule
- Kompetansehevande tiltak innan kols
- Felles rutiner for utskrivning av vanedannende medisiner ved legekantorene i Hallingdal.
- Gjenklang - musikkterapi

Kommunale prosjekt

- Aktivitetstilbod for demente – kjøp av Inn på Tunet
- Prosjektmidlar innan kommunalt rusarbeid:
- Førebyggjande arbeid for barn og unge med aktivitetstilbod, miljøarbeid og familiekonsulent
- aktivitetstilbod for vaksne innan psykisk helse og rus
- prosjektstilling som psykolog

I Hallingdal er det og ei rekkje **interkommunale samarbeidsorgan** innan ulike fagområder som møtast regelbunden.

Hemsedal Bygdaheim har hatt nok kapasitet til å ta i mot brukarar som har behov for plass. Det har og vore tilbydd plassar til andre kommunar. Målgruppa for sjukeheimsopphald er blitt meir samansett og det er viktig at kommunen har god fagdekking, kompetanse og utstyr. Det er større variasjon i belegget i løpet av året og 2015 har det vore lågare enn tidlegare. Det er registrert 35 KAD – innleggingar på sjukeheim. Dette kjem i tillegg til plassar ved Hallingdal sjukestugu.

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|------|------|------|------|
| Liggedøgn korttidsopphald, avlastning rehabilitering, Ø-hjelp | 1221 | 714 | 1029 | 914 |
| Liggedøgn langtidsopphald | 5839 | 6751 | 6035 | 5052 |
| Prosent belegg | 69,6 | 80,4 | 84,0 | 71 |
| KAD - plassar på sjukeheim | 17 | 16 | 21 | 35 |

Ved ledig kapasitet har personell blitt brukt til å dekke vakanse og vikarbehov i heimetenesta.

Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon ved sjukeheimen i 2015.

Det er viktig å avdekke, førebygge og behandle under- og feilernæring blant eldre og sjuke heimebuande. Kjøkkenet er med i eit ernæringsnettverk i regionen.

Heimetenesta skal bidra til at personar med funksjonsvikt og omsorgsbehov kan oppretthalde eit sjølvstendig liv i eigen bustad. Gode hjelpemiddel og velferdsteknologiske løysingar vil kunne hjelpe til at den einskilde klarar seg sjølv i kvar dagen. Det er etablert ei ressursgruppe for å jobbe med kvardagsrehabilitering og oppsøkjande teneste for eldre.

Det er eit auka omfang på tenester innan heimesjukepleie, mellom anna fordi pasientar blir skrivne ut tidlegare frå sjukehus. Det er eit aukande behov for ressursar og tettare samarbeid mellom heimeteneste og psykisk helse. Det er også viktig å ha fokus på psykisk helse blant eldre. Det vart i 2015 oppretta ei prøveordning med felles personell i heimesjukepleie og psykisk helse for å kunne gje eit betre tilbod i heimen. Dette kan føre til effektivisering og betre kvalitet i tenestene, ikkje minst med tanke på at kommunen frå 2017 skal ta i mot utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse.

Heimesjukepleie har eit samarbeid med fysioterapitenesta med tilbod om både individuell trening i heimen og gruppetrening ved Bygdaheimen.

Det er tatt i bruk mobilpleie. Dette gir meir tid ute hjå brukar og betre tenester ved at ein kan hente inn opplysningar og dokumentere ute hjå brukar.

Bråtenjordet yter tenester til yngre personar med behov for miljøarbeid, praktisk bistand og avlastning i institusjon.

Personalet blir personalet brukt på tvers både i skuletid og ved miljøarbeid/avlastning. Dette har ført til auka stabilitet og betre kvalitet, for både brukarar og personalgruppa. Det blir satsa på rettleiing med rådgjevarar utanfrå, som har spesialkompetanse på ulike felt. Det blir også jobba med kompetanseheving på målretta miljøarbeid og avtalestyring.

Koordinerande eining (KE) har ansvar for å koordinere tenester samt kvalitets- og fagutvikling innan etaten. Det faglege overordna ansvaret for oppfølging av tvangsvedtak etter helse og

omsorgslova kap. 4 og 9 er og lagt til eininga. KE har ansvar for tildeling og oppfølging av vedtak om fritidskontakt, TT-kort, BPA, parkeringskort, miljøarbeid, omsorgsarbeid m.m.

Eininga har ansvar for søknader og prosjektoppfølgning for fleire både kommunale og regionale prosjekt. Rolla som folkehelsekoordinator er også pt lagt til denne eininga.

Fysioterapi og friskliv jobbar systematisk med å halde ventelister på behandling låg samstundes som det blir satsa mykje på førebyggjande arbeid, lågterskeltilbod og gruppetrening. Tenesta har eit auka arbeidspress då fleire blir skrive tidlegare ut frå sjukehus og færre reiser direkte til rehabiliteringsopphald. Folkehelseprofilen og styringsdata viser at Hemsedal har fleire muskel- og skjelettplager enn gjennomsnitt for landet. Treningsromma er oppgradert med ein del nytt utstyr, mellom anna spinningssyklar.

Det er regionalt samarbeid for å få i gong kurs, opplæring og erfaringsutveksling innan fysioterapi. Hemsedal har hatt ansvar for å gjennomføre kompetansehevande tiltak innan kols.

I samarbeid med helsestasjon blir alle på 1. trinn screena, og det er gjennomført 4 mnd. kontroll.

Det er eit aukande behov for hjelpemiddel. Det er eit samarbeid med sjukeheim og vaktmeistertenesta ved bestilling og utplassering av hjelpemiddel.

Helsestasjon omfattar helsestasjonsteneste, jordmorteneste, skulehelseteneste, ungdomshelseteneste og reisevaksiner. Dei har og eit koordinerande ansvar for tenester til asylmottak med ansvar for oppfølging av smittevern, helsekontrollar av alle og oppfølging av barn. Helsestasjon er ein viktig instans i det førebyggjande arbeid med fokus på tidleg innsats for å sikre gode oppvekstvilkår for barn. Dei har fokus på fysisk, psykisk og sosial helse, og er eit lågterskeltilbod. Eit tiltak er at det i samarbeid med sosiallærar er det sett i verk egne gutte- og jentegruppe. Helsestasjon er i løpet av oppveksten i kontakt med nær 100 % av barnefamiliane. Fleire barn, ungdom og foreldre ønskjer samtaler, råd og rettleiing.

Hausten 2015 vart det ein stor auke med asylantar i Hemsedal. Dette førte til ei mellombels ressursauke hjå helsestasjon, jordmor og asylmottakslege

Det er ei samarbeidsavtale med Vestre Viken om beredskap og følgjeteneste for fødande, ca 25 % av jordmorressursen blir nytta i vaktordning. Talet på fødsjar i 2015 var 28. Nyfødte kjem raskare heim og dette fører til fleire heimebesøk pr barn.

Psykisk helse er eit lågterskel- og eit behandlingstilbod for personer med psykiske vanskar og rusproblematikk for alle aldersgrupper. Tal på innleggingar på sjukehus er låg samanlikna med andre kommunar i fylket/landet. Det same er det på bruk av legemidlar. Mange har behov for samtaler, miljøarbeid, gode tiltaksplassar eller aktivitetstilbod. Fleire har samansette og langvarige behov. Det er derfor viktig med tilstrekkelege ressursar, brei kompetanse, samhandling og fleksibilitet mellom tenester, slik at vi kan gje flest mogleg tilpassa tilbod.

Psykisk helse har vidareført og fått nye statlege prosjektmidlar for å styrke det kommunale rusarbeidet. Kommunen er i ein prosess der vi skal tilsette ein psykolog i prosjektstilling. Prosjekt for førebygging av rus og psykiske helseproblem blant barn og unge er implementert, ved fleire

gruppebaserte og individuelle tiltak i samarbeid med HBU og koordinerande eining. Mange av tiltaka har tatt utgangspunkt i resultat frå Ungdata-undersøkinga frå 2014.

Slettostugu vart i 2015 pussa opp og sett i stand for å kunne nyttast til dagsenter, aktivitetssenter og sosial møteplass der brukarane sjølv kan vere med å styre og sette i gong tilbod.

Psykisk helseteneste har ein samfunnspsykologisk intensjon med å arrangere ulike arrangement ifb Verdensdagen for psykisk helse. I 2015 var markeringa ved det asylmottaket på Langeset.

Legetenesta har hatt høg aktivitet og arbeidsbelastninga for legetenesta/legevakt er stor. Sesongvariasjonen er blitt mindre og det er fleire som oppsøker legevakt heile året. Hausten 2015 fekk legetenesta mykje å gjere då det på kort varsel vart oppretta fleire midlertidige asylmottak.

Legevakta har fått oppgradering av akuttmedisinsk utstyr og det er tatt i bruk nytt journalsystem.

III. KULTUR OG OPPVEKST

Oppvekst - Det handlar om eit livsperspektiv!

«Hemsedal kommune vil ha eit trygt oppvekstmiljø, der kvar enkelt kan utvikle seg til eit sjølvstendig menneske, og rustast til å møte livets oppgåver og meiste utfordringar saman med andre»

Etaten har fleire verksemder innanfor områda kultur og oppvekst.

Kulturområdet femner om musikk- og kulturskule, folke- og skulebibliotek, unge og fritid, lag og organisasjonar og generelle kulturaktivitetar.

Oppvekstområdet består av verksemdene barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og vaksenopplæringa.

Tilsyn i grunnskulen

Grunnskulen hadde sist år tilsyn i regi av arbeidstilsynet. Arbeidstilsynet fann ingen avvik.

Miljøretta helsevern hadde tilsyn på HBU, Tuv og Ulsåk.

Tilsyn barnehage


Kommunen sitt tilsyn skal sikre at følgjande er teke vare på:

Barnehagen vert drive i høve til lover, forskrifter og kommunale vedtak. Ulovlege eller uforsvarlege forhold blir avdekka tidleg og tiltak blir sett i verk dersom det vert oppdaga avvik. Eigar/styrar av barnehagen er bevisst sitt ansvar for verksemda i eigen barnehage i forhold til lov om barnehagar med forskrift. Barnehagen sitt faglege innhald er i forhold til Rammeplan for barnehagar.

I tillegg har me tilsyn frå til dømes: Miljøretta helsevern, Mattilsynet, Branntilsyn.

Undersøkingar i barnehagen

Det vert gjennomført foreldreundersøking i barnehagen annakvart år. 2015 var siste undersøkinga. Det var ei høg deltaking med ein svarprosent på 80% og generelt høgt skår på dei fleste områda. Det fysiske miljøet og tilgjengelegheit var det som skåra dårlegast, og som må jobbast med. Personalet i barnehagane jobbar med resultatata internt.




Foreldreundersøking

Det er gjennomført foreldreundersøking i skulen. Svarprosenten var 12 og med det ikkje representativ. Det er eit mål å få betre gjennomføring på undersøkinga neste år.

Det er aktuelt å bruke «Betre kommune» sine undersøkingar både i skule og på SFO i tillegg til barnehagen.

Elevundersøkinga

Trivselsundersøkinga på Ulsåk og Tuv skular viser gode resultat med høg trivsel. På HBU viser resultatet også framgang innanfor delspørsmål som gjeld trivsel dei siste tre åra. Spesielt verdt å merka seg er ein klar nedgang i talet på barn og unge som vert mobba systematisk.



Viser til Tilstandsrapporten for oppvekstsektoren 2015.

Gjennomsnittlig gruppestørleik

| D. Grunnskoleopplæring - nøkkeltall (K) | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|------|------|------|
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn | 9,4 | 10,7 | 11 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn | 6,6 | 9,5 | 12,8 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn | 11,5 | 13 | 9,4 |

Varierende elevtal gjer også at gruppestørleiken varierer. Tabellen må lesast i samanheng med kor mange barn som får spesialundervisning. Det talet vil ofte utløyse lærarressurs som igjen påverkar gruppestørleiken.

Spesialundervisning

| D. Grunnskoleopplæring - nøkkeltall (K) i % | | | |
|---|--|--|--|
| | | | |

| | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|------|------|------|
| Del av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn | 8,6 | 10 | 9,4 |
| Del av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn | 8,6 | 10,5 | 12,2 |
| Del av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn | 14,1 | 10,2 | 12,8 |

Når vi ser i tabellen over som omhandlar kor mange elevar vi har med vedtak, ser vi at Hemsedal ligg jamnt dei siste tre åra. Vi har mange tiltak vi kan gjennomføre innanfor tilpassa opplæring på grunn av at det er færre elevar i klassen. Målet er heile tida, at færre skal meldast opp til PPT men få eit godt, tilpassa undervisningsopplegg innanfor tilpassa opplæring. Vi ynskjer at PPT skal bruke meir av tida si inn i systemretta arbeid. Dette er også målsetjinga innanfor Fells Løft.

Det som skil Hemsedal frå mange andre kommunar, at vi har høgare del av barn som treng omfattande tiltak.

Delen av timar til spesialundervisning i % av delen lærartimar totalt, ligg høgt.

| | 2013 | 2014 | 2015 |
|--|------|------|------|
| Andel timer spesialundervisning i % av lærartimar totalt | 22 | 25,3 | 24,1 |

Tilstandsrapporten for oppvekstsektoren 2015, viser tiltak vi har sett i verk.

Nasjonale prøver i lesing , rekning og engelsk

Vi har hatt varierende resultat dei to siste åra. Her er resultatata frå nasjonale prøver presentert i skalapoeng (0-100%), medan 10. klasse er presentert ved gjennomsnittleg standpunktarakter.

| Kva måler vi? | 2014 | 2015 |
|---|----------------------|----------------------|
| Gjennomsnittet i landet er 50 skalapoeng på nasjonale prøver. | | |
| Lesedugleik 5. trinn, gjennomsnitt skalapoeng | 47 (usikkerheit 3,5) | 46 (usikkerheit 4,1) |
| Lesedugleik 8. trinn, gjennomsnitt skalapoeng | 49 (usikkerheit 3,1) | 52 (usikkerheit 3,9) |
| Norsk hovudmål – standpunkt 10. trinn | 3,8 | 3,8 |


| | | |
|---|----------------------|----------------------|
| Reknedugleik på 5. trinn, gjennomsnitt skalapoeng | 48 (usikkerheit 3,7) | 48 (usikkerheit 4,1) |
| Reknedugleik på 8. trinn gjennomsnitt skalapoeng | 49 (usikkerheit 3,2) | 51 (usikkerheit 3,1) |
| Matematikk – standpunkt 10. trinn | 3,5 | 3,1 |
| Engelskdugleik 5. trinn, gjennomsnitt skalapoeng | 44 (usikkerheit 3,2) | 46 (usikkerheit 3,4) |
| Engelskdugleik 8. trinn gjennomsnitt skalapoeng | 46 (usikkerheit 3) | 48 (usikkerheit 2,6) |
| Engelsk skriftleg – standpunkt 10. trinn | 3,5 | 3,6 |
| Engelsk munnleg – standpunkt 10. trinn | 3,7 | 3,8 |

Det er vanskeleg å måle gjennomsnittlege resultat på nasjonale prøver av di tala blir svært usikre når vi har få elevar på trinnet. Store kommunar kan samanlikne på sikrere grunnlag (T.d. usikkerheit 0,3 medan vi har usikkerheit mellom 2,6 og 4,1). I Tilstandsrapporten har vi sett som mål: Vi arbeider for at fleire kjem opp på nivå 2 og 3 på 5. trinn. Fleire elevar opp på nivå 5 på ungdomstrinnet.

Fullføring av grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring

Det er ein klar samanheng mellom grunnskulepoeng, fråvær og heimeforhold og andelen av elevar som fullfører og består vidaregåande opplæring.

Ungdomar frå Hemsedal som ikkje startar vidaregåande, har kontakt med OT. Indikatoren «direkte overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring» gir informasjon om delen elevar som begynner i vidaregåande opplæring same år som dei avsluttar grunnskulen. Indikatoren seier ingenting om kva dei elevane gjer som ikkje går direkte over til vidaregåande. Enkelte av desse kan vera i tilbod som førebur dei på vidaregåande opplæring (førebuande kurs for minoritetsspråklege elevar), det kan vera personar som går på private skular, er i arbeid eller liknande. Dei aller fleste elevane som går ut av ungdomsskulen begynner i vidaregåande opplæring i august. Det er midlertidig nokre elevar som sluttar i vidaregåande opplæring fram mot 1. oktober – det offisielle talletidspunktet for elevar i vidaregåande opplæring.



Etter tidsperioden 2010-2012 aukar fråfall frå vidaregåande skule noko. Det er framleis lågare enn fylkes- og landstalet. Eit lite talgrunnlag kan gi store svingingar, både positiv og negativ utvikling.

Hemsedal har ligge jamt mellom 17%-18% fråfall bortsett frå dei siste to periodane med 19% og 21% fråfall.

Indikatoren «fråfall» gir informasjon om delen elevar som er borte frå vidaregåande opplæring i to år på rad. Forsking viser at ungdom som er borte frå utdanning to år på rad, er det mindre sannsynleg at dei kjem tilbake i utdanning enn ungdom som er borte i eitt år. Delen som er borte i to år på rad er derfor ein indikasjon på kor stor del som står i fare for aldri å oppnå kompetanse på vidaregåande nivå. Indikator for fråfall gjeld berre skuledelen av vidaregåande opplæring.

Overgangen frå Vg2 på yrkesfaglege utdanningsprogram er ein av dei mest kritiske overgangane med tanke på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Det er her ungdomen skal gå frå å vera elevar til lærlingar. Tilgangen til læreplassar påverkar derfor overgangen i stor grad. Det er viktig at bedrifter og kommunale verksemder vert oppmoda til å ta imot lærlingar.

Pedagogisk utviklingsarbeid i oppvekst

Skulen:

Skulevandring og kollegaveiledning er viktige utviklingsområde i skulen der vi ynskjer å bygge kultur for læring og deling. Det å invitere rektor og kollegaer inn i undervisninga gjer at vi får ein VI-skule og der alle kan bidra på sine sterke områder.

Prosjekt Felles Løft Steg 3 – Begrepsundervisning med fokus på barn med språkvanskar.

Gjennom Felles Løft har alle skulane sett i verk ordmeistringskurs for elevane. Dette skal styrkje ordforrådet som vil verke positivt i alle fag.

Relasjonsskulen, fokus elev-elev: Sist år var HBU med på Vurdering for læring der relasjonskompetanse er basis for alt anna arbeid og tenking. HBU sitt arbeid med teoretisk innføring i relasjonspedagogikk i 2012 gav lærarane eit ekstra fortrinn i *Vurdering for læring* som kom i 2013. Implementeringa i skulen er over, men går no inn i praksisen til skulen og blir arbeidd med kontinuerlig. Prosjektet vert halde aktivt gjennom året.

Kjærlighet og grenser: Eit svært vellykka heim-skulesamarbeid som vert arrangert av skule og helse i fellesskap. Mål er

Lokalt læreplanarbeid har tatt mykje tid dette skuleåret og blir jobba med framover for å tilfredstille krava i Kunnskapsløftet og i Opplæringslova med forskrifter.

Barnehagen:

KUPP - Kompetanseutvikling i pedagogiske prosessar. KUPP har dette året arbeida for eit inkluderande oppvekstmiljø i barnehagen. Tema dette året har vore «Barnehagen sitt psykososiale miljø».

«Være sammen» utviklar vaksne og barn sine evner til å byggje relasjonar og ha ei moden forståing av grenser.

Vaksenopplæring

Alle dei seks kommunane i Hallingdal samarbeider om grunnskule for vaksne. Vi har dette året hatt tre elevar ved Læringscenteret som har fått grunnskuleopplæring eller spesialundervisning. Vi har elevar ved Læringscenteret Gol som tek imot opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Fritidsklubben

Det er ein god møteplass for ungdomar, spesielt viktig for dei som er aleine i kvardagen. Ungdomar frå Gol finn også vegen til Klubben både onsdagar og fredagar. Klubben fungerer i tillegg som ein god integreringsplass for ungdom frå asylmottaka. Det har vore liten aktivitet i Hallingdal klubbkrets som skal jobbe målretta med felles rusfrie ungdomsarrangement i Hallingdal. Klubben samarbeider mykje med psykisk helse og kulturskulen både med innhald og bruk av lokala.

Ålmen kultur

Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor dugnadsinnsats og formidlar kulturelle tradisjonar og legg til rette for fysisk utfolding på mange område. Dei representerer viktige kulturutøvarar i Hemsedal. Frivillige lag og organisasjonar er med på å gjera Hemsedal til ein god plass å bu og å vekse opp. Kommunen er derfor avhengige av eit godt samarbeid med desse. Utfordringa er å skape gode sosiale, kulturelle møtearenaer og høve til fysisk aktivitet for dei som treng spesiell tilrettelegging eller som ikkje ynskjer /kan delta i det organiserte tilbodet.

- Kommunen syter for at kommunale kulturbygg/-anlegg er i god stand til bruk for lag og organisasjonar. Kultursalen vart ferdigstilt hausten 2015.

- Kommunen yter hjelp og informasjon ved finansiering av anlegg med spelemidlar.

Dette året kunne Hemsedal idrettslag feire 125 år jubileum. Ein verdig jubilar!

Hemsedal kommune sin **kulturpris for 2015** vart delt ut til Guro Sandvik og Runar Olav Sletten Bjøberg for framifrå arbeid med å ta vare på Bjøberg Fjellstue.

Hemsedal kommune nominerte til Trygve Hoff's minnepris i 2015, ein nasjonal kulturpris. Utmerkinga vart gjeve til vår gode multikunstnar og mentor Tori Snerte.

Den kulturelle spaserstokk er ei gruppe samansett av representantar frå Hemsedal pensjonistlag, Hemsedal eldreråd, Historielaget, Frivilligsentralen, Helse og omsorg samt Kultur og oppvekst. Det vert i løpet av året arrangert stølstur, haustfest og konsertar på Bygdaheimen og i biblioteket. I tillegg er det song og musikk kvar veke for bebuarane på Bygdaheimen. Målet er å sørgje for profesjonell kunst og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Hemsedal kommune held fram med å søkje om midlar til «Den kulturelle spaserstokk». (Statleg tilskot til DKSS er noko redusert)

Kultursalen Det er gjennomført oppgradering, salen vart teken i bruk hausten 2015. Det er i 2015 ikkje avsett driftsmidlar til bruk av salen.

Hemsedal Kino Etter at Kultursalen vart teken i bruk har Hemsedal Kino fått ein godt oppsving. Kinoen har vorte ein viktig kulturell møtestad med gjennomsnittleg 80,9 besøkande på kvar kinoframsyning.

Kyrkja og øvrige trussamfunn/livssynsorganisasjonar er viktige kulturbærarar i Hemsedal. Alle trus- og livssynssamfunn får same tilskot per medlem. Det vert utbetalt til 23 forskjellige organisasjonar.

Hemsedal Bygdearkiv – Hemsedal Historielag driftar Bygdearkivet på vegne av Hemsedal kommune. Dei tek vare på historia om Hemsedal med både bilete, film og nedskrive materiale. På nettsida Digitalmuseum.no er det lagt ut ca. 4000 bilete frå Hemsedal.

Hemsedal Bygdebok – Kommunestyret gjorde vedtak om vidareføring av Bygdeboka i sak 140/11. Ei Bygdeboknemnd vart oppnemnt og utarbeidde forslag til gjennomføring, to bøker i tillegg ei registerbok. Det vil utan tvil vera av stor interesse for innbyggjarane i Hemsedal og deira etterkommarar, at Flataboka vert vidareført. Det vart ikkje prioritert i budsjett for 2016.

Stadnamngruppa – bidreg med nye namn til alle vegar i samband med adresseringsprosjektet. Alle vegar i bustad og hytteområder skal ha vegnamn og skilting. Stadnamngruppa samarbeider med stadnamnkonsulenten og kartverket. Historielaget starta i 2015 med ei revidering av kartverket sin database over namn i Hemsedal og kvalitetssikre desse. (skrivemåte og plassering på kartet.) Hemsedal kommune og Hemsedal Historielag søkte Språkrådet og fekk tildelt kr 100 000 til innsamling av stadnamn. Desse namna skal så registrerast i Språkrådet sin

stadnamnbase.

Hallingdal Museum er ein samarbeidspartnar som tek spesielt vare på Hemsedal bygdatun. Det er laga eigen skjøtselsplan for Hemsedal Bygdamuseum. Hallingdal museum er ein del av Buskerud musea der målet er å få fleire statlege kroner til å oppretthalde og utvikle museumsdrifta.

Buskerud Teater – tidlegare Hallingdal teaterverkstad, yter hjelp til teaterarbeid i skule og i frivillige lag og organisasjonar. Dei har bidrege bl.a. ved Ibsenprosjektet ved HBU, Aladdin, vårkonsert med Hemsedalskoret, skrivekurs for Samhald UL (revy) med fleire.

Kulturkoordinator – var eit samarbeidsprosjekt for heile Hallingdal for å auke samarbeid mellom kulturinstitusjonar i Hallingdal og auke samarbeid mellom kultur og reiseliv i Hallingdal. Erfaring i tre år viser at samarbeid på tvers i Hallingdal gjev gode opplevingar for både utøvarar og publikumarar. Kulturkoordinator er også den som har søkt om eksterne midlar og fått tilsegn til prosjekt som heile Hallingdal har nytta godt av. Vi kan nemne konsertserien Fjellklang og prosjektet De unges arena DUA samt kompetansehevingsprosjekt for kulturskule og fritidsleiarar. Hemsedal har vedteke vidareføring av kulturkoordinator K-sak 31/15. Kulturkoordinatoren avslutta arbeidstilhøvet august 2015. På grunn av uavklara økonomi for 2016 og 2017, vart det ikkje lyst ut etter ny kulturkoordinator.

Hemsedal har elles mange gode arrangement gjennom året frå lag og organisasjonar til næringsaktørar. Vi kan nemne at **Fauskivalen** søkte om tilskot frå Norsk kulturråd i 2015. Hemsedal kommune bidrog med brev til Norsk kulturråd. Fauskivalen vart tildelt kr 100 000 – ei god anerkjenning for jobben som vert lagt ned for å få ein flott folk/rock festival.

Hemsedal folkebibliotek

Bibliotek som bygning eller fysisk rom er vesentleg for oppfatninga av kva eit bibliotek er. Samspelet mellom rommet sin estetikk, innhald og funksjon er med på å gje biblioteket identitet.

Hemsedal folkebibliotek har ein svært sentral plass som kulturformidlar. Biblioteket vert nytta til ulike arrangement som Trøll i ord, minikonsertar, open lesesirkel og liknande.

Biblioteka i Hallingdal samarbeider om prosjektet «Livslang læring». Føremålet er å etablere funksjonelle studieplassar for vaksne som vel å ta utdanning som fjernstudentar. Fleire studentar nyttar allereie biblioteket, både som arbeidsplass, eksamenslokale og for å bestille pensumlitteratur, men betre praktisk tilrettelegging, møblar og teknisk utstyr er nødvendig. Samstundes må ein ta omsyn til at det fysiske biblioteklokalet har kvalitetar som ikkje utan vidare kan erstattast av digital distribusjon av informasjon. Den sosiale møtestaden for alle representerer ein kvalitet som må utviklast. Biblioteket er ein uformell møtestad for fastbuande

og tilreisande. Skulebiblioteket skal vera læringsarena i alle fag og på tvers av fag, og ein arena for å formidle litteratur og digitale læringsressursar. Det vil difor vera nødvendig å følgje opp det digitale utviklingsbehovet.

Biblioteket er skulebibliotek for Hemsedal barne- og ungdomsskule og har ansvar for drifta av biblioteka ved skulane på Tuv og Ulsåk.

Dei siste åra har det kome to bibliotekaktuelle stortingsmeldingar: St.meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* og St.meld. nr. 24 (2008-2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*. Meldingane utfyllar kvarandre. Både peikar på korleis alle typar bibliotek dei komande åra vil måtte navigere i eit landskap prega av både tradisjonelle bibliotektenester og aukande bruk av digital teknologi.

Hemsedal Ungdomsklubb

Ungdomsklubben framstår som ein attraktiv plass for ungdomen, ein avslappande arena der ungdomar med ulike interesser kan møtast i eit miljø utan stress og prestasjonskrav. Besøkstalet er på mellom 20 og 30 på fredagar og 10-20 på onsdagar. Det er ungdomar som treng ein møtestad som denne og dei nyttar seg av tilbodet. Klubben er ein del av klubbkrets i Hallingdal som skal jobbe målretta med felles rusfrie ungdomsarrangement i Hallingdal. I samarbeid med musikk- og kulturskulen vart det arrangert STOLT-arrangement i haust. Der var alle med å kvitta seg med Jantelova.

Kulturmidlar vert delt ut to gonger i året og medverkar til god aktivitet i lag og organisasjonar.

Kommunen delte ut kulturmidlar til 19 lag og organisasjonar, som går til drift. Størstedelen av tilskotet vert fordelt til barne og ungdomsarbeid i tråd med retningslinene. Det vert også gjeve tilskot til prosjekt, arrangement og ålmenn kultur.

Musikk- og kulturskulen hadde 108 elevar påmeldt ved oppstart haustsemesteret 2015. Derav 32 gutar og 76 jenter. 11 stod på venteliste. Oppgang i elevtalet i musikk og kulturskulen i 2015, kan forklarast mellom anna med tilbod i danse- og dramatilbod dette året.

Mange barn og unge får høve til å utvikle song, musikk, dans og drama gjennom tilboda i Hemsedal musikk- og kulturskule. Vi opplever gjennom året minikonsertar og større arrangement der dei unge bidreg. 30-års jubileet var feira med stor framsyning i Trøimshallen. Elles har kulturskulen hatt mange fine arrangement og konsertar også dette året. Spesielt må nemnast Disney-musikalen Aladdin.

Dette året vart Ungdommens Kulturstring arrangert i Hemsedal, for 4. gong. UKM-camp vart arrangert med overnatting, workshop, lynkurs, leik og moro. Ungdommar meldte seg på til mønstringa med utstilling, film, song, dans og musikk. Tilsaman 41 deltakarar deltok med 17 innslag og 10 utstillingar. Av dei som var med deltok 11 i arrangementskomiteen på UKM dette

året. Ei flott showprega mønstring der sal og scene var utstyrt med proft lyd- og lysutstyr.

Til Fylkesmønstringa sender vi 5 sceneinnslag, 3 kunstinnslag, 2 Unge arrangørar og 2 sceneteknikarar. Vi ynskjer å halde den lokale mønstringa i bygda for å vise at ungdomar vil og kan. Stort pluss at mange av bygda sine unge òg deltek som publikum på mønstringa.

IV. Tenestetorget

Tenestetorget har mykje besøk både av eksterne og interne kundar. Når det gjeld telefonhenvendelsar, har dette gått noko ned, samtidig om det vore ei auke i bruk av heimeside. Hovudoppgåvene til tenestetorget er å gje informasjon om kommunale tenester og ellers generell informasjon om Hemsedal. Me har ansvaret for heimesider, intranett, telefoni, velkomstbrev til nyinnflyttarar, handsaming av valavvikling og saksbehandling for sal- og skjenkesaker. Ved ulike hendelser/kriseberedskap vil også tenestetorget vera ein del av krisekommunikasjonsteamet.

Me har som mål å klare å svare kunden så godt me kan før me henvis vidare til sakshandsamar. Etaten har fokus på trivsel og godt arbeidsmiljø.

I 2015 har det skjedd mykje på den digitale fronten. Hemsedal kommune har fått gjennomført opplæring og tatt i bruk av nytt intranett, samt nye nettsider. Det er store endringar og fordrar at tilsette også ser verdien av nye system og måtar å nytte dei nye verktøya på. Me ser allereie at kundar blir verande på heimesida litt lengre enn før. Sjå tall under. Dette kan tyde på at dei finn den informasjonen dei treng, og derav kan forklare litt om kvifor antall telefonar har gått ned. Det er ikkje vorte målt antall motteke og sendte epostar.

| Nøkkeltall | 2014 | 2015 | Endring i % |
|---|--------|--------|-------------|
| Tal på besvarte telefonar | 9919 | 8521 | -14,1% |
| Servicegrad telefonar | 87,8 | 89,8 | 2% |
| Tal på gjester på heimesida*(1.1-31.8) | 21 701 | 30 019 | 38,33% |
| Gjennomsnitt besøkstid heimesida*(1.1-31.8) | 3,49 | 3,41 | -3,60% |
| | | | |
| | | | |

*web statistikken var nede fra 1.september 2015 til november. Talla i oversikten gjeld frå 1.1 til 31.8.

ØKONOMIPERSPEKTIVET

Hemsedal kommune har hatt gode driftsresultat dei siste 3 åra. Kommunen har høgt aktivitetsnivå og har investert kr 114 .875. 287 i anleggsmidlar i perioden 2011 til 2015. Dette har ført til auke i kapitalutgifter i driftsrekneskap. Kapitalutgifter har direkte konsekvensar for netto driftsresultat og påverkar handlefridom. Samt har kommunen fått kr 1,5 mill mindre i energiinntekter (utbytte frå Hemsedal Energi) for same perioden. Frå kr 8,5 mill i 2011 til kr 7 mill i 2015.

Driftsresultat

| | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 | B 2015 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Skatt på inntekt og formue | 55 826 | 57 290 | 60 492 | 64 349 | 59 000 |
| Eigedomsskatt | 11 353 | 9 832 | 10 039 | 10 129 | 10 000 |
| Rammetilskot | 54 605 | 66 669 | 66 513 | 69 864 | 69 700 |
| Øvrige driftsinntekter | 59 643 | 68 227 | 75 135 | 79 453 | 56 571 |
| Sum driftsinntekter | 181 427 | 202 018 | 212 179 | 223 795 | 195 271 |
| Lønns-og sosiale kostnader | 117 584 | 126 420 | 131 690 | 135 543 | 123 423 |
| Varer og tenester til egen prod. | 24 444 | 26 513 | 29 742 | 32 035 | 29 632 |
| Varer og tenester til erst. egen prod. | 23 963 | 29 767 | 32 872 | 37 374 | 28 609 |
| Overføringer til andre | 14 293 | 11 720 | 13 998 | 10 127 | 13 228 |
| Avskrivninger | 9 291 | 9 963 | 10 078 | 9 832 | 8 648 |
| Fordelte utgifter | -64 | -90 | -66 | -180 | 0 |
| Sum driftsutgifter | 189 511 | 204 293 | 218 314 | 224 731 | 203 540 |
| Brutto driftsresultat | -8 084 | -2 275 | -6 135 | -936 | -8 269 |
| netto renter, utbytte | -8 105 | -6 570 | -6 383 | -6 342 | -5 182 |
| netto avdrag | 6 263 | 5 287 | 6 550 | 6 400 | 6 000 |
| utlån over drift.regnsk. | 12 | 0 | 0 | 0 | |
| motpost avskrivninger | 9 291 | 9 963 | 10 078 | 9 832 | 8 648 |
| Netto driftsresultat | 3 037 | 8 971 | 3 776 | 8 838 | -439 |

Netto driftsresultat

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | B 2015 | R 2015 |
|--|---------|--------|--------|--------|---------|--------|
| Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | -1,97 % | 1,67 % | 4,44 % | 1,78 % | -0,22 % | 3,95 % |

Netto driftsresultat er eit mål på kommunen si handlefridom, direkte og indirekte. Eit positivt netto driftsresultat syner i kva for grad drifta aleine greier å bidra til eit overskot. Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 3 % av brutto driftsinntekter. Hemsedal kommune har i 2015 eit netto driftsresultat **på kr 8,8 mill. og 3,95%**.

Driftsinntektene har auka frå 2014 til 2015 med kr 11,6 mill. Dette utgjør 5,5 %. Målt mot budsjett kan det sjå ut som ein har hatt ein stor vekst i inntekter. Dog er refusjon sjukepengar ikkje budsjettert. Desse postane utgjør over kr 5,4 mill. Størst reell vekst er på skatt på inntekt og formue med kr 5,3 mill og overføringar med krav til motyting med kr 3 mill.

Driftsutgiftene

Driftsutgiftene syner ei auke på 2,9% frå 2014 til 2015. Dvs. kr 6,4 mill. Dette er betydelig reduksjon på 4% i forhold til auke frå 2013/2014 (6,9 %). Løn og sosiale kostnader auka med kr 3,8 mill. Varer og tenester som både inngår og erstattar tenesteproduksjon auka med til saman 6,7 mill. Årsaken til dette er at utgiftene til vaksne framandspråkleg opplæring vart ført i rekneskåpet frå og med 2015. Dette vert ikkje budsjettert. Overføringar gjekk ned med 3,8 mill.

| | 2014 | 2015 | auke/reduksjon | prosent |
|--|----------------|----------------|----------------|--------------|
| Lønns-og sosiale kostnader | 131 690 | 135 543 | 3 853 | 2,9 % |
| Varer og tenester til egen prod. | 29 742 | 32 035 | 2 293 | 7,7 % |
| Varer og tenester til erst. egen prod. | 32 872 | 37 374 | 4 502 | 13,7 % |
| Overføringer til andre | 13 998 | 10 127 | -3 871 | -27,7 % |
| Avskrivninger | 10 078 | 9 832 | -246 | -2,4 % |
| Fordelte utgifter | -66 | -180 | -114 | 172,7 % |
| Sum driftsutgifter | 218 314 | 224 731 | 6 417 | 2,9 % |

Oversikt løn viser at kommunen har relativt god kontroll på lønskostnadane. Veksten i løn og sosiale kostnader i 2015 utgjør kr 3,8 mill. (2,9 %), i 2014 kr 5,3 mill.(4%), i 2013 kr 8,8 mill.(7,5 %) i 2012 var på 7,3 mill. (6,7 %) og i 2011 kr 4,3 mill. (4%).

Tabellen syner bruk av løn i dei ulike etatane i forhold til budsjett. Tala er justert med sjukepengar. Kostnadane med pensjonsutgiftene er budsjettert under sentraladministrasjon. Reguleringspremie er budsjettert på overføringar, men vert ført på sosiale kostnader.

| Etat | Regnskap 2015 | Per.b(end) 2015 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2014 | Per.b(end) 2014 | Avvik(per.) 0 |
|---|--------------------|--------------------|-------------------|--------------------|--------------------|-------------------|
| Sentraladm lønn og sosiale kostnader | 12 912 622 | 9 641 366 | 3 271 256 | 13 712 857 | 9 329 000 | 4 383 857 |
| Sentraladm sjukepengar | -409 844 | 0 | -409 844 | -190 654 | 0 | -190 654 |
| | 12 502 778 | 9 641 366 | 2 861 412 | 13 522 203 | 9 329 000 | 4 193 203 |
| Kultur og oppvekst lønn og sosiale kostnader | 55 891 796 | 49 384 575 | 6 507 221 | 53 013 867 | 49 117 139 | 3 896 728 |
| Kultur og oppvekst sjukepengar | -2 656 858 | 0 | -2 656 858 | -2 732 822 | 0 | -2 732 822 |
| | 53 234 938 | 49 384 575 | 3 850 363 | 50 281 045 | 49 117 139 | 1 163 906 |
| Helse og omsorg lønn og sosiale kostnader | 46 476 148 | 44 642 613 | 1 833 535 | 45 263 787 | 43 085 100 | 2 178 687 |
| Helse og omsorg sjukepengar | -1 590 901 | 0 | -1 590 901 | -1 992 347 | 0 | -1 992 347 |
| | 44 885 247 | 44 642 613 | 242 634 | 43 271 440 | 43 085 100 | 186 340 |
| Teknisk lønn og sosiale kostnader | 19 751 560 | 19 249 246 | 502 314 | 19 192 673 | 18 944 000 | 248 673 |
| Teknisk sjukepengar | -756 066 | 0 | -756 066 | -399 966 | 0 | -399 966 |
| | 18 995 494 | 19 249 246 | -253 752 | 18 792 707 | 18 944 000 | -151 293 |
| T totalt lønn og sosiale kostnader | 135 032 126 | 122 917 800 | 12 114 326 | 131 183 183 | 120 475 239 | 10 707 944 |
| Total sjukepengar | -5 413 669 | 0 | -5 413 669 | -5 315 789 | 0 | -5 315 789 |
| Sum | 129 618 457 | 122 917 800 | 6 700 657 | 125 867 394 | 120 475 239 | 5 392 155 |
| Reguleringspremie | | 5 650 000 | 5 650 000 | | | 5 800 000 |
| Totalt overforbruk (+), mindreforbruk(-) | | | 1 050 657 | | | -407 845 |

Lønskostnader i høve til sum driftsinntekter (i %)

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|--|--------|--------|--------|--------|--------|
| Løn og sosiale kostnader/driftsinntekter | 65,3 % | 64,8 % | 62,6 % | 62,1 % | 60,6 % |

Tabellen og tala syner i kva for grad driftsinntektene er knytta opp mot reine lønskostnader. Lønskostnadene er som oftast ein fast post som er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt og evt. som oftast har direkte med kommunal tenesteproduksjon å gjere. Ein reduksjon av lønskostnader vil normalt medføre at stillingar ikkje blir besett og at oppgåver ikkje blir gjort sidan kommunal tenesteproduksjon i stor grad handlar om menneskelege ressursar. Reduksjon i 2015 har vore på 1,5 % i høve til i fjor.

Skatt på inntekt og formue i høve til sum driftsinntekter i %

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|--|--------|--------|--------|--------|--------|
| Skatt på inntekt og formue/driftsinntekter | 31,7 % | 30,8 % | 28,3 % | 28,5 % | 28,8 % |

Skatteinntektene utgjør ein stor del av driftsinntektene men forholdstalet minkar. Det er bra, men slike tal kan sjølvstøtt tolkast på fleire måtar; ein måte å sjå det på er at eigenfinansieringa aukar og at ein er mindre avhengig av andre inntekter – skatt bør på ein måte vere ein vesentleg inntektskjelde i eit offentleg budsjett. Det er ikkje all auke i skatteinntektene som tilfaller kommunen. Ei korreksjon som blir gjort frå staten, er fortløpande justering av rammetilskotet – der meir skatteinntekter enn berekna når rammetilskotet vart tildelt, medfører redusert rammetilskot. Dog har reduserte/økte skatteinntekter blitt kompensert/justert ved høgare/lågare rammetilskot. jfr. neste punkt.

Rammetilskot i høve til sum driftsinntekter i %

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Rammetilskot/driftsinntekter | 27,2 % | 30,1 % | 33,0 % | 31,3 % | 31,2 % |

Som tabellen syner, så er det reduksjon i rammetilskotet i høve til totale driftsinntekter. Ein får her justert for økte skatteinntekter om ikkje krone for krone.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen syner at det er nytta i underkant av 16,5 mill. kr. til investeringar i 2015. I tillegg kjem interne finansieringstransaksjonar som utlån og avsetning av tomtesalsinntekter til fond (totalt ca. kr.13,6 mill). I 2015 utgjør sal av tomter ca. kr 3,3 mill.

Investeringar knytta til utarbeiding av bustadfelt (Tuv, Svøo og Trøim-Fiskum) i perioden 2011 til 2016 utgjør kr 36,3 mill. Kommunen har lånefinansiert kr 33,3 av disse, inntekter for sal av tomter i same perioden utgjør kr. 10,6 mill. Salsinntekter frå tomter og eigedomar avsettas til fond som deretter er nytta til å finansiere investeringar.

Dei største investeringar i 2015 er kultursal, VA leidning Bruhaug-Trøim, VA leidning Ålstveit HB-Svøo og kyrkjegarden. Investeringane og interne finansieringstransaksjonar er finansiert slik:

| | Regnskap 2015 | Reg. budsjett 2015 | Regnskap 2014 |
|----------------------------------|-------------------|--------------------|-------------------|
| Finansieringsbehov | 17 597 224 | 33 909 263 | 24 090 932 |
| Dekket slik: | | | |
| Bruk av lån | 12 042 000 | 14 169 500 | 16 036 550 |
| Salg av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån | 758 592 | 0 | 892 705 |
| Overført fra driftsregnskapet | 47 220 | 0 | 254 914 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne driftsfond | 0 | 0 | 200 000 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 4 749 412 | 8 679 763 | 6 107 000 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 11 060 000 | 0 |
| Sum finansiering | 17 597 224 | 33 909 263 | 23 491 169 |
| Udekket/udisponert | 0 | 0 | -599 763 |

| Finanstransaksjoner | Regnskap 2015 | Reg. budsjett 2015 | Regnskap 2014 |
|-------------------------------------|---------------|--------------------|---------------|
| Avdrag på lån | 301 353 | 0 | 266 377 |
| Utlån | 1 042 000 | 0 | 2 149 879 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 203 200 | 400 000 | 872 648 |
| Dekning av tidligere års udekket | 599 763 | 599 763 | 407 755 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 5 738 299 | 8 080 000 | 7 015 174 |
| Avsatt til bundne investeringsfond | 5 754 815 | 11 060 000 | 1 941 242 |
| Sum finansieringstransaksjoner | 13 639 430 | 20 139 763 | 12 653 075 |

Avvik i bruk og avsetninger til ubundne og bundne investeringsfond i forhold til budsjettet skyldes primært at ikkje alle planlagt investeringar ble gjennomført. Dermed ble også lånebehov mindre.

BALANSEN – NOKRE VIKTIGE SAMANHENGER

Fondskapital

| Type fond | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|--------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Disposisjonsfond | 15 527 588 | 12 104 238 | 16 318 824 | 21 209 855 | 26 464 280 |
| Bundne driftsfond | 10 224 436 | 8 369 792 | 8 773 751 | 8 241 315 | 8 005 339 |
| Ubundne investeringsfond | 4 473 | 3 206 062 | 89 769 | 997 943 | 1 986 830 |
| Bundne investeringsfond | 2 300 000 | 2 671 464 | 3 340 434 | 5 281 676 | 11 036 491 |
| Sum | 28 056 497 | 26 351 555 | 28 522 778 | 35 730 789 | 47 492 940 |

Fondsmidlar er inndelt i 4 grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre særpreg:

Bundne driftsfond er øymerka midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremål dei er meint å dekke ved overføringa til kommunen. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytta til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er motteke. Midlane er ikkje til fri disposisjon for kommunestyret.

Bundne investeringsfond er øyremerka til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane.

Ubundne investeringsfond kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane.

Disposisjonsfond kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til. KS omtalar i sin vurdering at kommunar som har disposisjonsfond mellom 5 og 8% av driftsinntektene har moderat økonomisk handlefridom, medan høgare enn 8% gjer større grad av økonomisk handlingsrom. KS anbefalar også at disposisjonsfond bør vera mellom 10 og 15% for å kunne møte svingingar i rentenivået. Hemsedal kommune har styrka sitt disposisjonsfond dei siste 2 åra til anbefalt nivå.

| 2015 | 2014 | |
|--------|--------|--|
| 11,8 % | 10,0 % | disposisjonsfond i % av brutto inntekter |
| 15,9 % | 12,5 % | disposisjonsfond inkl.årets overskot i % av brutto driftsinntekter |

Arbeidskapital (i % av sum driftsinntekter)

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|------------------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Arbeidskapital i kroner | 21 045 681 | 38 553 226 | 41 187 412 | 38 130 258 | 55 722 502 |
| Arbeidskapital/sum driftsinntekter | 12,5 % | 21,2 % | 20,4 % | 18,0 % | 24,9 % |

Arbeidskapitalen er forskjellen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og seier oss noko om i kva for grad vi greier å gjere opp for oss. Har vi ein negativ arbeidskapitel vil vi ikkje kunne greie oss utan å måtte bruke av "dyr" kassakreditt eller så klart be om betalingsutsetting. Det er ikkje bra at arbeidskapitalen er under 20 %.

Likviditetsgrad 1

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|--------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Omløpsmidlar | 50 831 806 | 74 206 183 | 75 725 830 | 77 891 009 | 91 822 480 |
| Kortsiktig gjeld | 29 786 126 | 35 652 957 | 34 538 418 | 39 760 750 | 36 099 978 |
| Likviditetsgrad 1: | 1,71 | 2,08 | 2,19 | 1,96 | 2,54 |

Likviditetsgrad 1 er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommunen evner å betale dei kortsiktige forpliktingane – i kva for grad ein evner å gjere opp for seg. Talet bør vere høgare enn 2. I omløpsmidlar inngår også kortsiktige fordringar som ikkje utan vidare kan gjerast om til pengar for å betale kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 2

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|---|------------|------------|------------|------------|------------|
| Mest likvide omløpsmidlar (bankinnskot) | 29 788 476 | 48 602 451 | 49 657 390 | 49 275 383 | 62 926 642 |
| Kortsiktig gjeld | 29 786 126 | 35 652 957 | 34 538 418 | 39 760 750 | 36 099 978 |
| Likviditetsgrad 2: | 1,00 | 1,36 | 1,44 | 1,24 | 1,74 |

Likviditetsgrad 2 er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommunen evner å betale dei kortsiktige forpliktingane her og no. I omløpsmiddel inngår stort sett berre bankinnskot. I det private er dette ofte nytta som måltal og ein seier at **dette talet bør vere høgare enn 1**.

Gjeld – i kroner (eks. pensjonsforpliktning og startlån)

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|-------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Lånegjeld eksl.startlån | 108 233 516 | 135 909 361 | 145 618 652 | 146 068 633 | 150 667 940 |

Gjeld – i % av brutto driftsinntekter (eks. pensjonsforpliktning og startlån)

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|---|--------|--------|--------|--------|--------|
| Lånegjeld eksl.startlån i % av brutto driftsinntekter | 64,3 % | 74,9 % | 72,1 % | 68,8 % | 67,3 % |

Gjeld – i kroner pr. innbygger (eks. pensjonsforpliktning og startlån)

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|-------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| antall innbyggere | 2 228 | 2 224 | 2 295 | 2 344 | 2 422 |
| Lånegjeld pr. innbygger | 48 579 | 61 110 | 63 450 | 62 316 | 62 208 |

Ein har i oversynet teke berre omsyn til langsiktig gjeld til låneinstitusjonar Det seier seg sjølv at høg lånegjeld er ei belastning og ein risiko for kommuneøkonomien. KS definerer ein gjeldsbelastning mellom 65 og 75% av driftsinntekter som moderat gjeld. Slik situasjonen har vore for 2014 og 2015 har kapitalkostnadene likevel vore til å leve med. Men ein er utsatt for renterisiko og den langsiktige lånegjelda reduser handlefridomen til kommunen. Ein stor del av lånegjelda er i stor grad sjølvfinansierande, då det gjeld investeringar knytta opp mot VA og bustadfelt. Difor vert ein stor del av avdrag og renter finansiert ved dette, og kommunen er ikkje så sårbar som andre kommunar.

Fordringar

| Resultatmål: | R 2011 | R 2012 | R 2013 | R 2014 | R 2015 |
|------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Kortsiktige fordringar | 15 475 258 | 15 420 646 | 15 332 534 | 16 868 797 | 18 352 142 |

Kommunen har hatt fokus på fordringsmassen i fleire år og har god kontroll på denne. Lite tap i forhold til fordringsmasse.

Sentraladministrasjon

| 10 Sentraladm | Regnskap 2015 | Buds(end)2015 | Avvik(per.) | Regnskap 2014 | Buds(end) 2014 | Avvik(per.) |
|---|---------------|---------------|-------------|---------------|----------------|-------------|
| 10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 12 912 622 | 9 641 366 | 3 271 256 | 13 712 857 | 9 329 000 | 4 383 857 |
| 11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 7 206 969 | 6 439 540 | 767 429 | 6 063 353 | 2 996 805 | 3 066 548 |
| 13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 1 805 860 | 1 728 264 | 77 596 | 1 678 602 | 5 336 300 | -3 657 698 |
| 14 OVERFØRINGSUTGIFTER | 141 691 | 7 607 085 | -7 465 394 | 364 154 | 7 093 006 | -6 728 852 |
| 15 FINANSUTGIFTER | 33 534 228 | 24 033 485 | 9 500 743 | 31 959 876 | 24 578 631 | 7 381 245 |
| Sum utgifter | 55 601 370 | 49 449 740 | 6 151 630 | 53 778 842 | 49 333 742 | 4 445 100 |
| 16 SALGSINNTEKTER | -421 647 | -323 730 | -97 917 | -356 509 | -357 410 | 901 |
| 17 REFUSJONER | -4 270 476 | -3 453 000 | -817 476 | -3 975 127 | -3 323 000 | -652 127 |
| 18 OVERFØRINGSINNTEKTER | -152 368 936 | -145 140 000 | -7 228 936 | -144 249 706 | -142 940 840 | -1 308 866 |
| 19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER | -23 318 838 | -22 064 985 | -1 253 853 | -25 190 539 | -23 601 591 | -1 588 948 |
| Sum inntekter | -180 379 896 | -170 981 715 | -9 398 181 | -173 771 882 | -170 222 841 | -3 549 041 |
| Sum gruppeansv.: 10 Sentraladm | -124 778 526 | -121 531 975 | -3 246 551 | -119 993 039 | -120 889 099 | 896 060 |

Rekneskapen for sentraladministrasjonen består av eit kapitalområde(1080 området) i tillegg til tenestemråde sentraladministrasjon. Dei største felleskostnaden som blir ført på sentraladministrasjonen er IKT-Hallingdal med ca. kr 3,5 mill. og reguleringspremien for pensjonsforpliktingane på ca. kr. 3,1 mill. Overskot i 2015 skuldast i hovudsak at reguleringspremie vart kr. 1,5 mill. lågare enn budsjettet. I tillegg fekk kommunen ein del ekstraordinære midlar pga. flykningsituasjon hausten 2015.

Kultur-og oppvekst

| | Regnskap 2015 | Buds(end)2015 | Avvik(per.) | Regnskap 2014 | Buds(end) 2014 | Avvik(per.) |
|---|---------------|---------------|-------------|---------------|----------------|-------------|
| 20 Kultur og oppvekst | | | | | | |
| 10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 55 891 796 | 49 384 575 | 6 507 221 | 53 013 867 | 49 117 139 | 3 896 728 |
| 11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 6 075 755 | 5 353 438 | 722 317 | 6 376 821 | 5 220 140 | 1 156 681 |
| 13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 9 311 817 | 1 951 497 | 7 360 320 | 6 007 376 | 1 990 263 | 4 017 113 |
| 14 OVERFØRINGSUTGIFTER | 3 028 224 | 2 296 831 | 731 393 | 5 307 857 | 3 603 100 | 1 704 757 |
| 15 FINANSUTGIFTER | 822 350 | 0 | 822 350 | 43 505 | 0 | 43 505 |
| Sum utgifter | 75 129 942 | 58 986 341 | 16 143 601 | 70 749 426 | 59 930 642 | 10 818 784 |
| 16 SALGSINNTEKTER | -5 557 801 | -4 757 049 | -800 752 | -5 144 532 | -4 353 970 | -790 562 |
| 17 REFUSJONER | -14 116 101 | -889 982 | -13 226 119 | -10 190 139 | -2 716 180 | -7 473 959 |
| 18 OVERFØRINGSINNTEKTER | -394 402 | 0 | -394 402 | -1 023 225 | 0 | -1 023 225 |
| 19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER | -289 084 | 0 | -289 084 | -1 995 257 | -1 458 000 | -537 257 |
| Sum inntekter | -20 357 388 | -5 647 031 | -14 710 357 | -18 353 153 | -8 528 150 | -9 825 003 |
| Sum gruppeansv.: 20 Kultur og oppvekst | 54 772 554 | 53 339 310 | 1 433 244 | 52 396 274 | 51 402 492 | 993 782 |

Kultur og oppvekst viser eit netto meirforbruk på kr. 1 433 244. Det vert oppretta ein heimel i Ulsåk barnehage til barn med enkeltvedtak. Denne kom ikkje inn i revidert budsjett. Dette avviket utgjer kr 406 000. Kommunen brukte ei anna budsjetteringsform for løn i 2015. Av ukjente årsakar vart det ikkje budsjettert med ei pedagogstilling på Tuv skule 52,61% frå 1.1.2015-31.7.2015. Dette utgjer kr 200 000 pr. 2.kvartal. Stillinga ligg inne frå 1.8.2015. Det er også nokre vikarutgifter, som ikkje vert dekkja av sjukelønn.

Når det gjeld kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egen produksjon, har etaten eit meirforbruk på kr 137 500 for IT-utstyr og kr 210 000 for andre tenester.

Helse og omsorg

| | Regnskap 2015 | Buds(end)2015 | Avvik(per.) | Regnskap 2014 | Buds(end) 2014 | Avvik(per.) |
|---|---------------|---------------|-------------|---------------|----------------|-------------|
| 30 Helse og omsorg | | | | | | |
| 10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 46 476 148 | 44 642 613 | 1 833 535 | 45 263 787 | 43 085 100 | 2 178 687 |
| 11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 5 341 750 | 4 305 370 | 1 036 380 | 4 072 261 | 3 938 871 | 133 390 |
| 13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 16 874 912 | 15 438 408 | 1 436 504 | 15 028 516 | 15 032 940 | -4 424 |
| 14 OVERFØRINGSUTGIFTER | 2 338 578 | 624 122 | 1 714 456 | 3 252 023 | 2 629 820 | 622 203 |
| 15 FINANSUTGIFTER | 1 039 971 | 0 | 1 039 971 | 928 063 | 0 | 928 063 |
| Sum utgifter | 72 071 359 | 65 010 513 | 7 060 846 | 68 544 649 | 64 686 731 | 3 857 918 |
| 16 SALGSINNTEKTER | -3 862 186 | -4 011 200 | 149 014 | -3 976 689 | -3 944 610 | -32 079 |
| 17 REFUSJONER | -11 488 123 | -7 380 700 | -4 107 423 | -12 429 984 | -6 427 790 | -6 002 194 |
| 18 OVERFØRINGSINNTEKTER | -157 280 | 0 | -157 280 | -12 500 | 0 | -12 500 |
| 19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER | -1 534 686 | -300 000 | -1 234 686 | -407 137 | -680 000 | 272 863 |
| Sum inntekter | -17 042 275 | -11 691 900 | -5 350 375 | -16 826 310 | -11 052 400 | -5 773 910 |
| Sum gruppeansv.: 30 Helse og omsorg | 55 029 084 | 53 318 613 | 1 710 471 | 51 718 339 | 53 634 331 | -1 915 992 |

Helse og omsorg viser eit netto meirforbruk på kr 1 710 471. Resultatet kjem til tross for etaten har arbeida systematisk med økonomistyring og innsparingar. Meirforbruk skuldast i hovudsak utgifter til barnevern tiltak.

Teknisk

| | Regnskap 2015 | Buds(end)2015 | Avvik(per.) | Regnskap 2014 | Buds(end) 2014 | Avvik(per.) |
|---|---------------|---------------|-------------|---------------|----------------|-------------|
| 40 Teknisk | | | | | | |
| 10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 19 751 560 | 19 249 246 | 502 314 | 19 192 673 | 18 944 000 | 248 673 |
| 11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM INNGÅR I KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 13 921 044 | 14 038 830 | -117 786 | 13 736 256 | 14 129 940 | -393 684 |
| 13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTER KOMMUNAL EGENPRODUKSJON | 9 381 422 | 9 490 600 | -109 178 | 10 157 037 | 9 402 338 | 754 699 |
| 14 OVERFØRINGSUTGIFTER | 4 618 736 | 2 700 000 | 1 918 736 | 5 074 247 | 2 332 120 | 2 742 127 |
| 15 FINANSUTGIFTER | 3 727 719 | 4 122 000 | -394 281 | 3 732 439 | 3 554 000 | 178 439 |
| Sum utgifter | 51 400 482 | 49 600 676 | 1 799 806 | 51 892 653 | 48 362 398 | 3 530 255 |
| 16 SALGSINNTEKTER | -26 678 401 | -25 912 034 | -766 367 | -26 004 902 | -24 037 072 | -1 967 830 |
| 17 REFUSJONER | -1 898 378 | -622 090 | -1 276 288 | -2 142 180 | -734 450 | -1 407 730 |
| 18 OVERFØRINGSINNTEKTER | -2 761 593 | -2 781 500 | 19 907 | -2 739 772 | -2 778 000 | 38 228 |
| 19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER | -5 085 221 | -5 411 000 | 325 779 | -5 127 372 | -4 960 600 | -166 772 |
| Sum inntekter | -36 423 593 | -34 726 624 | -1 696 969 | -36 014 226 | -32 510 122 | -3 504 104 |
| Sum gruppeansv.: 40 Teknisk | 14 976 889 | 14 874 052 | 102 837 | 15 878 427 | 15 852 276 | 26 151 |

Teknisk etat syner eit netto meirforbruk på kr 102 837. Avviket skuldast noko vikarløn. Etaten har klart å balansere drifta si tross høgt aktivitetsnivå.

ÅRSMELDING INTERKOMMUNALE EINIGAR, VEDLEGG

NAV Hemsedal

Skatteoppkreveren i Hallingdal

Hallingdal barnevern

Kontrollutvalet

Hallinghelse

Hallingdal brann- og redningsteneste IKS